| *Artikkeltittel* | *Forfatter* | *Bok* | *Ingress* |
|---|---|---|---|
| Bygde - og grendenamn i Fron | Brit Nilsen | Fronsbygdin 2003 | Folk i Fron gjekk oftast til naturen for å finne namn til bygder og grender. Men mange namn er vanskelege å tolke og nokre namn er det usemje om. |
| Ole Johannesen – askeladden frå Baukholsgrenda | Erling Skurdal og Hans Arne Westberg Gjersøe | Fronsbygdin 2003 | Husmannsguten Ole Johannesen frå Baukholsgrenda reiste til Oslo og tente seg rik på å handle med filter og bein. Dotter hans gifta seg med ein italiensk adelsmann. |
| Redvald Sør-frøning | Gard Espeland | Fronsbygdin 2003 | Den første som vart døypt Redvald i Norge var frå Sør-Fron. Namnet er nesten ikkje brukt andre stader i landet. I Sør-Fron var det svært populært frå 1870 til rundt 1900. |
| Kongsvegen gjennom Sør-Fron | Hallstein Hage, Torbjørn Hagen, Geir Paulsrud | Fronsbygdin 2003 | Mange stader i Sør-Fron kan vi finne restar av dei gamle vegane som har gått gjennom dalen. Dette er eit kulturminne som vitnar om innsatsen til både embetsmenne og dei lokale bøndene for å betre samferdsla mellom nord og sør i landet |
| Kvamshumoren | Håkon Sveen | Fronsbygdin 2003 | Kvamshumoren er eit omgrep som er kjent langt utanfor Kvam og Gudbrandsdalen. Lynnet i denne grenda har vore med på å setja kvamværen og heimplassen hans på kartet. |
| Milsteinstugu- sveltihelbruket som vart bygdatun | Johannes Brandvold | Fronsbygdin 2003 | Milsteinsugu vart borte som eige bruk og buplass i 1870, men over hundre år seinare vart det vesle bruket bygdatun for Fronskommunane. Nå er det også smiu og oppgangssag der. |
| Huldrehistorier frå Ruste | Johs Lunde | Fronsbygdin 2003 | Den om er på fjellet og følgjer med på kva som skjer rundt seg, kan få sjå eitt og anna som det er vanskeleg å finn ei naturleg forklaring på. Mange meiner det kan vere huldra |
| Frå det gamle seterlivet | Margit Lykkjom og Anton Løkken | Fronsbygdin 2003 | - Eg har vore på seter´n i my over 40-år. Sjøl om det var nok å hengje finga i, gav arbeidet både meining og glede. Dyra er alltid så takksame. Ja, det var ei god tid. |
| Isveg over elva | Oddmar Myromslien | Fronsbygdin 2003 | Så seint som på 1960-talet brukte folk i Ruste vegen over isen når dei skulle til Vinstra. Fleire kjørte mjølka til ysteriet denne vegen. |
| Eit historielag blir til | Ola. O Røssum | Fronsbygdin 2003 | Gjennom 75 år har Fron historielag engasjert seg i ei rekkje større og mindre saker. Dei største sakene er bygdetunet og bokverka *Garder og slekter i Fron* og *Historia om Fron* |
| Spelemannen Redvald Fjellhammer møter huldra | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2003 | Skal du nokon gong dele seng med huldra, bør du ikkje snu ryggen til henne. Det kan du "kåmå lågt" frå, meinte Redvald Fjellhammer som hadde møtt henne mange gonger. |
| Minnesmerke i Fron | Rasmus Stauri og Arvid Ødegaard | Fronsbygdin 2003 | Runt om i Fron finst det fleire minnesmerke enn dei fleste av oss er klar over. Nokre fortel om uvanlege, dramatiske hendingar, andre om slit eller slikt vi er stolte av. |
| Mellomalderdiplom frå Fron | Tormod Stauri | Fronsbygdin 2003 | I original finst det mange brev som er skrive i Fron på 1300- og 1400-talet. På mange måtar gir desse breva inntrykk av at det var eit stabilt bondesamfunn. |
| Vintersetring i Gudbrandsdalen | Velle Espeland | Fronsbygdin 2003 | Tidlegare var det ikkje uvanleg at det også var folk og dyr på setrene om vinteren. Det kunne vere meir praktisk enn å kjøre høyet til bygds. Men det var ein einsleg arbeidsplass. |
| Åsavarpet | Velle Espeland | Fronsbygdin 2003 | Artikkel om vegen opp til Åsen som tek av frå den gamle setervegen innover mot Vendalen og Fagerhøy. |
| Litt om bygginga av Sør-Fron kyrkja | Anton Tagestad | Fronsbygdin 2004 | Artikkelen fortel om bygginga av kyrkja fram til 1792, da ho vart innvigd. |
| Tidlege prestar og kapellanar i Fron | Anton Tagestad | Fronsbygdin 2004 | Over 70 år har gått sidan Ivar Kleiven gav eit oversyn over prestane i Fron i boka Fronsbygdin. I denne artikkelen legg ein nestor i Fron historielag fram mange nye opplysningar. |
| Restaureringsarbeid på Gudbrandsdalsdomen | Bjarne Jetlund | Fronsbygdin 2004 | Om lag 500 meter med sprosser og godt over 1550 glasruter er brukt i Sør-Fron kyrkje. Men også framifrå handverk treng vedlikehald, No blir ytterglasa restaurert. Arbeidet kjem til å ta tre år. |
| "Froen er en ulykkelig Bygd med meget fordærvede Sæder" | Eldri Brandvol | Fronsbygdin 2004 | Eilert Sundt gjesta Fron i 1851. Her vart han sjokkert over talet på "uække fødte Børn, og "Natteleie i Fæhusene". Men han vart også rørt over ungdom som tok ansvar. |
| Bedhuset Zora i Lia | Gard Espeland | Fronsbygdin 2004 | I 50 år var bedehuset Zoar i Lia i Sør-Fron ein møteplass for folk i grenda. Nye møteformer med sterke kjensler kunne nok verke skremmande, men nokre stod utanfor og følgde med. |
| Skodalsåa | Guri Skurdal Tofte | Fronsbygdin 2004 | Vatn er grunnlaget for alt liv- og for skodølane vart Skodalsåa eitt av eksistensgrunnlaga for gardane rundt. Ho vart den mest sentrale kraftkjelda til småindustri og kreative føretak. |
| Spelmannsminne | Harald Rudi | Fronsbygdin 2004 | Som fjortenåring såg Harald Rudi ein bassist som spelte saman med Jularbo på Folkets Hus på Vinstra. Seinare fekk han låne ein kontrabass som stod att etter Pål Kluften... |
| Skuleordninga av 1742 | Ivar Myrstad | Fronsbygdin 2004 | "Fundasen for Fron" – ein plan for korleis den nye skuleordninga av 1742 skulle gjennomførast i Fron – trudde alle var komen bort. Men så dukka det opp ein kopi – på eit kurs i gotisk skrift. |
| Glimt frå Vulufjell- "Vuludal-Dronninga" sitt rike | Johan Dalseg | Fronsbygdin 2004 | Heilt frå utgammal tid synest Vulufjell å ha vore ein kjerneområde for villrein. Fangstanlegg med talrike dyregraver og synlege minne om fast busetnad gjennom fleire hundre år vitnar om det. |
| Fondveggen på Sør-Fron kyrkje | Knut Kvidaland | Fronsbygdin 2004 | Fondveggen – veggen med inngangsportalen – på Sør-Fron kyrkje har mange element. Inskripsjonar, monogram, ornament og bilde har alle si spesielle tyding. |
| Oldfunn på Sygaard Kjorstad | Knut Stenrud Kjorstad | Fronsbygdin 2004 | Sør-Fron er rik på oldfunn. Kjorstad-funnet er det det mest sentrale og rikaste. Gjenstandar med fjernt opphav og kostbart vyrke seier noko om busetnad av rike slekter her langt attende i historia. |
| Hytta – eit lite bruk på Vestsida | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2004 | Ofte er det historia om dei litt større gardane vi kan lese mest om. Slik er det for eksempel i bøkene til Hovdhaugen om gardar og slekter i Fron. Dette er historia til eitt av dei mindre bruka. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ruste ungdomshus | Oddmar Myrom | Fronsbygdin 2004 | I eit lite bygdesamfunn er det behov for ein samlingsstad der skjemt og arvor blir spegla av. Det skjøna rustværane, og i 1920-åra fekk dei bygd Ruste ungdomshus. |
| Bureising i Skåbu | Ole Christian Risdal | Fronsbygdin 2004 | I 1938 fekk Magnhild og Lauritz Sandbakken kjøpt ein teig på 64 mål i Skåbu. Her rydda og bygde dei bruket Søreng der dei kunne flytte inn i 1940. Etter kvart vart det også campingplass. |
| Frøningar på kvalfangst | Per Ottesen | Fronsbygdin 2004 | Frå 1949 til 1968 var om lag 150 frøningar på kvalfangst i Sørishavet ein eller fleire sesongar. Dei var borte frå oktober til mai/juni. Fru Rosenlund i Sødorp hjelpte mange til å få hyre. |
| "Optegnelser til Fornøielser" | Per Åsmundstad | Fronsbygdin 2004 | Fyrst på 1830-talet kom det eit rykte til Nord-Fron om at delar av Russland var folketomt, og at folk kunne få gardar der gratis. Nokre drog av garde for å få seg ein gard, men alle kom att. |
| Kodenamn Achilles | Per Åsmundstad | Fronsbygdin 2004 | Transportgruppa Achilles vart viktige for å få fram utstyr til illegalt arbeid under krigen. Nett som planetane vandrar på stjernehimmelen vandra Achilles-gruppa under Sverre Brendens leiing att og fram meir enn tjue gonger mellom Sverige og Gudbrandsdalen. |
| Breivegen eksisplass 1705-1869 | Ragnar Øvrelid | Fronsbygdin 2004 | I over 150 år var Breivegen i Sør-Fron eksisplass for soldatar frå Gudbrandsdalen. Mange frøningar tente seg ein ekstraskilling på sal av mat og drikke til soldatane, men i 1969 var det slutt. |
| Slektsgransking – eit emne utan ende | Ragnhild Kjorstad | Fronsbygdin 2004 | Mange gudbrandsdaølar har sterk ættekjensle, og slektsgransking interesserer. Denne artikkelen fortel om korleis ein kan arbeide med oppghavsrøtene sine, og kva dette arbeidet kan føre med seg. |
| Folkemusikkarkivet for Sør-Gudbrandsdalen | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2004 | Det 17-18-åringar i mellomkrigstida gjorde sine eigne sko, og etter krigen dreiv med handarbeid og fann seg litteratur på skulebiblioteket, held folkemusikkarkivet for Sør-Gudbrandsdalen til i dag. |
| Fiskarvise | Roar Jørstad | Fronsbygdin 2004 | Forfattaren levde mellom 1908-1970. Han skreiv fleire 34 dikt på eige forlag i 1960,*Vienvang og andre dikt* . Fleire dikt har naturen som tema medan andre handlar om allmenne livsspørsmål. |
| Baukholsstulen i norsk politikk | Rune Gerhardsen | Fronsbygdin 2004 | Familien Gerhardsen har si Fronshistorie. Denne tok til for fleire tiår sidan. Rune Gerhardsen kom til Fronsfjellet fyrst i 1955, og i denne artikkelen fortel han frå dei mange åra på Baukholstulen. |
| Kvamsjenta som vart skipperfrue | Steinar Moe | Fronsbygdin 2004 | Anna Kjørum frå Kvam reiste til Bergen der ho gifta seg med Tollef Leknæs som var kaptein på skuta "Lekna". I 1893 vart han drepen i Rio de Janeiro. Anna flytta seinare heim til Kvam. |
| Da Leeds spelte på Dokkalykkja | Tor Larsen | Fronsbygdin 2004 | I Sorperoa var Dokkalykkja "drømmenes teater" da gutane sparka fotball. Her fekk laga namn som Liverpool og Leedsd, og spelarane vart Kenny Burns og Bobby Charlton. |
| Mat på Fron | Tori Virik Nøvik | Fronsbygdin 2004 | Med rette eller urette er innlandsbygdene kjende for ein liten fantasifull matkultur. Fron har tradisjonar for kvardagskost og festmat med røter langt bakover. Framleis blir mange av dei gamle rettane nytta. |
| En liden fattig dreng | Anders Haugen | Fronsbygdin 2005 | I 1830-åra var det svolt og stor naud i Fron. Berre i 1839 reiste 300 til 400 personar frå bygda for å finne mat. Mellom dei var Anne Dokken og dei to sønene hennar. |
| Iver Lo – ein framsynt stridsmann | Anne Mari Lo | Fronsbygdin 2005 | Iver Lo var bonde, men mest kjent som organisator inna landbrukssamvirket. Derført han i mange år ein seig og lang kamp mot dei frie marknadskrefene. |
| Johan Sørensen og kongedømet hans | Carl Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2005 | Etter mange år i utlandet kom grosserar Johan Sørensen til Fron i 1880. Her bygde han Tofte Høilidssanatorium og Lauvaasen Høifjeldssanatorium og sette mange andre spor etter seg. |
| Å gå med klufta | Eivind Holen | Fronsbygdin 2005 | Trass i mangel på vitskaplege forklaringar trur mange fullt og fast på at vi kan finne vatn med klufta. Men kan dei som klufta reagerer på også finne ulike mineral ute i naturen? |
| Kongsgarden Steig | Eivind Luthen | Fronsbygdin 2005 | Litt attendetrekt på eit høgdedrag ruver det gamle maktsenteret Steig over Hundorp. Garden forstra ein konge og gav også landet ei dronning. I fleire hundreår spelte Streig ei viktig rolle i norsk rikshistorie. |
| Steig-drakta | Else Steig Midtvold | Fronsbygdin 2005 | Steig-drakta er laga med utgangspunkt i to ruta stakkar som truleg er rundt 200 år gamle. I rutene, som var blå i botnen, var det broderi slik tradisjonen var i Gudbrandsdalen på 1700-talet. |
| Husmannsguten frå Koloen som vart ordførar på prærien | Fredrik Moen | Fronsbygdin 2005 | Magnus Moen får Sjoa reiste til USA som tolvåring. Her vart han bonde og samfunnsbyggjar. Etter 50 år vitja han fødestaden- og fann att det han hadde drøymt om i alle desse åra. |
| Mjølkerampa | Frode Erstad | Fronsbygdin 2005 | Mjølkerampa var ein av dei viktige møteplassane i Bygde-Norge. Etter kvart som mjølka vart henta med tankbil, forsvann rampene og med dei mykje av den hyggelege praten med naboen. |
| Politidetektiven frå Søre Li´n | Gard Espeland | Fronsbygdin 2005 | Redvald Larsen frå Sør-Fron vart landskjent da han avslørte ein bande som planla sabotasjeaksjonar mot norske skip under den første verdskrigen. Den tyske ambassaden i Oslo var innblanda. |
| Bjørnen på Jostugusalen | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2005 | Jostugu i Sør-Fron var både ferdamannskvile, bygdakafé og festlokale. Ein gong rundt 1900 vart det synt fram ein tam bjørn der. Etter det fekk kaféen eit nytt namn. |
| Amundsen hotell 100 år | Hans Petter Kleiven | Fronsbygdin 2005 | "Amundsen" på Vinstra vart bygd som privathotell i 1905, vart "kongeleg" i etterkrigstida og har vore asylmottak i to år. Nye nederlandske eigarar tek over i jubileumsåret |
| Minne om krig og fred | Ivar Myrstad | Fronsbygdin 2005 | Oddrun Rudland frå Stormorken i Kvam var knapt 13 år da Noreg kom med i den andre verdskrigen. Mykje av tenåringstida vart derfor prega av okkupasjonen. |
| Da kassa på nikkelverket vart stolen | Iver Forseth | Fronsbygdin 2005 | I oktober 1849 var det ein livat fest med mykje drikking i den nye dansesalen på nikkelverket i Espedalen. Da styraren vakna, var pengekassa med 1500 spesiedalar borte. |
| Da Prestgards-Raua lurte døden | Johan Dalseg | Fronsbygdin 2005 | Ei historie om ein hest som var utanom det vanlege |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Storlykkja – ein buplass verd å minnast *av* | Johan Dalseg og Einar Rolvsbakken | Fronsbygdin 2005 | Rydding av nye heimar i Frydalen kom i gang på 1500- og fyrst på 1600-talet. Frydalsgarden i nedre Frydalen er nemnd som engeland alt i 1723, og i Storlykkja høgare opp har det levd folk fram til vår tid. |
| Kunstmålaren Christoffer Stixrud | Jon Steinhaugen | Fronsbygdin 2005 | Christoffer Stixrud har måla mange bilete med motiv frå Vinstra, Ruste og Sødorp. Også mange nord-frøningar har han portrettert. I fleire år budde han og familien i Sødorp. |
| Stadnamn frå Skoe i Sødorp | Jørn Skoe | Fronsbygdin 2005 | Namna på jorda og teigane på ein gard har ofte utgangspyunkt i terrenget. Men nokre gonger fortel dei også ei historie. Enkelte namn er det uråd å finne ei sannsynleg forklaring på. |
| Glytt i barndomsloggen frå Nedre Skar | Knut Stensrud Kjorstad | Fronsbygdin 2005 | For å koma gjennom vanskelege tider må ein flytte for lettare å skaffe seg den daglege føda. Tronge tider før siste verdskrig gjorde at Otto og Inger Skar i 1939 gjorde nettopp det. |
| Butikkbussen Fjellpilten | Nils Chr. Steig | Fronsbygdin 2005 | I åra 1963-1983 gikk Fjellpilten i Sør-Frons vestfjell. "Pilten" skapte mye hygge og sosial omgang blant fjellfolket. Men det ble lange dager for medarbeiderne på Hundorp Landhandleri. |
| Mannen som var uråd å målbinde | Oddmar Myrom | Fronsbygdin 2005 | Å vera god i kjeften har aldri vore å forakte. Ein god replikk kastar lys over både rett og urett og kan få oss til å sjå mangt på ein nye måte. Nilshimin frå Kvikne var av dei som kunne svara for seg. |
| Fisketradisjoner i Espedalen | Ola Eggen | Fronsbygdin 2005 | Matauk var det meir av før i bygdene våre. Men interessa for fiske har halde seg fram til i dag. I denne artikkelen gjer forfattaren grei for "dragnetta" og miljøet rundt dette spesielle fisket i Espedalen. |
| Folkeminne frå Fron | Randi Rosenborg | Fronsbygdin 2005 | Underjordiske på Hågå, oppskrift på brannsalve og forklaringa på kvifor der ikkje er orm i Sør-Lia. Dette var noko av det ungdomsskuleelvar i Sør-Fron samla inn av folkeminne sist på 1970-talet. |
| Tormodsøndag | Tor Larsen | Fronsbygdin 2005 | Tormod skilag feira 100-årsjubileum i år. Tormodsøndagen i Sorperoa har gjennom åra vore den store dagen da unge og gamle i bygda fyller skispora. |
| Jenteidrett i Sør-Fron | Tormod Tofte | Fronsbygdin 2005 | Jenteidretten har ofte kom i skuggen, men alt i 1894 deltok jenter i eit skirenn i Kjorstadbakkane. Og Liv Renshus frå Sør-Fron scora det fyrste målet i kvinnefotball i Gudbrandsdalen. |
| Vegen til Vendalen 100 år | Velle Espeland | Fronsbygdin 2005 | I år er det hundre år sidan arbeidet med vegen til Vendalen på Sør-Fron var sett i gang. Det var eit stort prosjekt som kravde samarbeid og organisasjon, og det gjekk ikkje utan konfliktar. |
| Gudbrandsdølar på grensevakt | Vidar Skaare | Fronsbygdin 2005 | Den 13.september 1905 gav forsvarsminister Olssøn ordre om at Gudbrandsdalens landstormbataljon skulle mobiliserast. Soldatane skulle sendast mot svenskegrensa medan politikarane forhandla. |
| Frå skulehistoria til Ruste krins | Anders Nustad | Fronsbygdin 2006 | Tidlegare rektor Anders Nustad har samla mykje stoff om skulehistoria i Ruste. Denne artikkelen syner utviklinga fram til fastskuleordninga kom skikkeleg i gang. |
| Amundsteinen | Arild Magne Larshaugen | Fronsbygdin 2006 | Når ein går Sørensensvegen i Nordre Lia, så ligg det ein stor stein utpå bergkanten ved øvre Haustsetergrinda med Toftelva 80-90 meter loddrett under. Her skjedde det noko nifst ein gong atti tida. |
| Harpefoss bru gjennom hundreåra | Arve Skurdal | Fronsbygdin 2006 | Ingen stad i dalen er elvegjelet i Laugen så djupt og smalt som på Harpefoss. Her har det sjølvsagt vore mange bruer og mye ferdsel framigjennom tida. Desse bruene har ei interessant historie. |
| Kvikstad-bunaden | Aud Tvete Hvattum | Fronsbygdin 2006 | Fleire bunader i Fronsbygdene har eigne stasplagg. Desse bunadene er mindre kjende og lite brukte utanom slekta. Redaksjonen vil prøve å få presentert desse bunadene etter tur. |
| Vendalen | Bjarne Jetlund | Fronsbygdin 2006 | I 1668 var det 17 setrar på Vendalen. I dag er nokre borte og andre har fått nye eigarar. Fleire setrar har kome til dei siste 350 åra. Dette seteranlegget er det viktig å ta vare på når hyttebygginga skyt fart. |
| H. H. Lie | Hallvard Lie | Fronsbygdin 2006 | Disse fem bokstavene ser vi på gamle kvalitesfoto. I denne artikkelen av sonen, prof. Hallvard Lie, får vi et godt inntrykk av "mannen og verket". Han tok rundt 26 000 foto. |
| Basen etter Pål Kluften | Harald Rudi | Fronsbygdin 2006 | Pål Kluften hadde mange roller i Fronsbygdene. Her er historia om korleis kontrabasen hans vart reparert. Det går au an å frakte kontrabas på ein motorsykkel! |
| Aat budeia | Ingv. Skillestad | Fronsbygdin 2006 | Dette diktet er skrive til budeifesten i U.L.Livøæringen, Hundorp. Diktet stod i "Austland", samlingblad for ungdomsarbeid og målreising, 14.november 1923. |
| Jernvinneanlegget på Borgen ved Gålåvatnet | Jan Henning Larsen | Fronsbygdin 2006 | Tusenvis har sett *Peer Gynt* ved Gålåvatnet. Men få veit at dette området er rikt på kulturminne frå 1600-1800 år sidan. Her har det vore drivi ein rik jernproduksjon. |
| Even Knudsen Sulengshaugen | Jon Brænne | Fronsbygdin 2006 | Denne artikkelen presenterer flere arbeider av den svært dyktige bygdekunstneren som var en dekorasjonsmaler av internasjonalt format. I Fron har han satt spor etter seg i Sør-Fron kyrkje og på flere gårder. |
| Frå Nord-Fron til Bottineau i USA. | Judith Moen og Per Åsmundstad | Fronsbygdin 2006 | Mange frøningar har reist til Amerika, og etterslekta er stor. Dette er soga om Tjøstel Kongsli med familie som selde garden for å finne tryggare utkomme på prærien. |
| Kongebesøk i Fron gjennom 1000 år | Kåre Hosar | Fronsbygdin 2006 | Frå 1946 vart det årvisse kongebesøk i Fron. Men kav attende til vikingtida hadde dei kongelege ærend i Fronsbygene. Denne kontakten har dei kongelege og frøningane sett høgt. |
| Kvardagen for ein dyrlege | Magnar Sletten | Fronsbygdin 2006 | Magnar Sletten kan sjå attende på eit langt yrkesaktivt liv som veterinær. Det har ofte vore slitsame dagar, men det er dei ljose minna som oftast dukkar fram. |
| Frå dagbøkene til Anton Granmorken | Nora Stormyrbakken | Fronsbygdin 2006 | Dagbøker gir eit bilde av verda og tida i det små, eller i det store, I denne artikkelen møter vi livet i Nord-Fron dei fyrste tiåra av 1900-talet, slik Anton Granmorken opplevde det. |
| Fridtjof Sørensen | Oddmar Myrom | Fronsbygdin 2006 | "I natt drøymde eg at eg fekk ei stor kake av deg!" "Da må eg hjelpe deg til å bli sanndrøymd", sa bakaren og gav han ei stor kake. Kva for ein luring var nå dette? |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Per Mellesmo – stortingsmann 1954-1977 | Per Ottesen | Fronsbygdin 2006 | Fronsbygdene har hatt relativt få på Stortinget, og derfor fortener dei å bli hugsa. Ikkje minst fordi dei har uttretta så mykje verdfullt for lokalsamfunna. |
| "Reivaronge" | Sigrid Bergseth og Tine E. Slang | Fronsbygdin 2006 | Reiving betyr å surre inn barnet. Ordet "reivaronge betyr speunge eller baby. Er ein person lite vaksen for alderen, er han ikkje "komé utor reivom". Reiving er lite påakta tradisjonskunnskap i dag. |
| Sikkilsdalen | Terje Lisødegård | Fronsbygdin 2006 | I rundt 150 år har Sikkilsdalen vore sommarbeite for dølahesten. Hestefolk kjenner namn som Veikle-Balder, Petter Tidemann, Toftebrunen, Randsdvarten og andre. |
| Mellomalderbrev frå Kvikne og Kvam | Tormod Stauri | Fronsbygdin 2006 | Diplom eller mellomalderbrev er viktige dokument for å få kunnskap om eigedomstilhøve og andre juridiske forhold i mellomalderen, Men i tillegg gitr dei opplysningar om lokalspråket og språkutviklinga. |
| Rock på døl | Trond Halle | Fronsbygdin 2006 | På 60-talet hadde vi ein radiokanal i Norge og sprekaste musikkprogrammet, sett frå eit ungdommeleg synspunkt, var Ønskekonserten. I dag er dølarock eit musikkbegrep. |
| Ordliste til Fronsbygdin (1930) (Ivar Kleiven) | Andreas Bjørkum | Fronsbygdin 2007 | Per Thorsen Aasmundstad (1839-1920) frå Kvikne skreiv ned lokalsegnene om Per Gynt. Dei fire fyrste er nedskrivne 16.november 1873, og dei fire neste 29.november 1877. I denne forma har ikkje segnene vore trykte før, men levd i kladdebøker. |
| Stortingsmann Ola O. Røssum | Asbjørn Ringen | Fronsbygdin 2007 | Ola. O. Røssum representerte Oppland Senterparti på Stortinget frå 1969 til 1981. Skular, kultur og landbruk var viktige arbeidsområde. Han var også ein sentral mann i partiorganisasjonen. |
| Vuludalen | Audun Dalsegg | Fronsbygdin 2007 | I Vuludalen var det fast bosetting mer for enn tusen år siden. I denne artikkelen får vi vite litt av historien til dette frodige området. |
| Omgangsskulen i Skåbu og lærar Torger T. Risdal | Christian Risdal | Fronsbygdin 2007 | Dei gamle lærarane var autoritetar i bygdene. Oppgåvene var mange, men kallstanken var mykje av drivkrafta i tunge dagar. Ikkje minst var omgangsskulen krevjande for både elev og lærar. |
| "Hestvandring" | Eivind Holen | Fronsbygdin 2007 | Få områder i arbeidslivet har vært gjennom så mange omlegginger som jordbruket. Her får vi vite om anlegg for å dra treskeverk med hestekraft. |
| Ungdomshuset Furulund på Sjoa | Fredrik Moen | Fronsbygdin 2007 | Bygdespelemennene er viktige i det lokale og nasjonale kulturlivet. Folkemusikken i Fron har fått nye utøvarar dei siste 30-40 åra, og derfor gjeld det å trekkje gammelkarane fram att frå gløymsla. |
| Lauving og mosetaking i Nord-Fron | Frode Erstad | Fronsbygdin 2007 | Mange vinterfora dyr var det sikraste livsgrunnlaget før i tida. Avlinga vart ofte for lita til eit stort dyrehald. Derfor måtte folk leite seg fram til det naturen sjølv hadde å by på. |
| Da Viktor Rydberg gjekk gjennom Fron | Gard Espeland | Fronsbygdin 2007 | I 1858 gjekk den svenske journalisten Viktor Rydberg gjennom Gudbrandsdalen. Han vart skjenkt god vin på Forr, møtte vennlege folk på Lillehove og åt nydeleg "Laugen-laks" på Øya. |
| A/S Søtorp Brændtorvfabrik | Hans Petter Kleiven | Fronsbygdin 2007 | Både på 1700- og 1800-talet var dei harde ved skogen sin i Fronsbygdene. Denne artikkelen fortel om eit lite kjent industritiltak på Sødorpfjellet. Spor og restane etter A/S Søtorp Brændtorvfabrik kan ein framleis finne. |
| Natur og levekår i Kvam i mine opppvekstår | Helge Stormorken | Fronsbygdin 2007 | I to artiklar ser Helge Stormorken seg attende. Den fyrste artikkelen handlar om naturtilhøve , samferdsel og ernæringsgrunnlafg i Kvam i mellomkrigstida. I*Fronsbygdin* 2008 skriv han om fleire emne. |
| Ei fjelldronning – historia om Annie Balchen | Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2007 | Reiseliv og turisme har i lang tid vore eit varemerke for Fron. Dei som bygde opp denne næringa, kom ikkje alltid lett til det. Men dramatikken som Annie Balchen på Veidarvon opplevde, overgår det meste. |
| Brukskunstneren Bjarne Skurdal | Jan Skurdal | Fronsbygdin 2007 | Et nokså fortiet kapittel av lokalhistorien er den tragiske jødeaksjonen høsten 1942. Fem jøder ble sendt til gasskammeret i Auschwitz. Her får vi vite hva som skjedde. |
| To segner frå Ruste | Johannes Lunde | Fronsbygdin 2007 | Skurdal kunstsmie og Skurdal Tinn avsluttet produksjonen og utsalget i 2007. Denne artikkelen forteller om disse viktige bedriftene i Fron fram til Jan overtok smijernproduksjonen i 1965 og Dag tinnvarevirksomheten i 1971. |
| Bunaden frå Stenberg | Kirsti Krekling | Fronsbygdin 2007 | I 1940-åra vart det funne att eit brodert ulltrekk på ei underdyne på garden Steberg. Det er vanskeleg å tru at dynetrekket kan vera tenkt til anna enn eit stasplagg – eit skjørt eller ein livkjole. |
| Familien Bojer på Sygard Kjorstad | Knut Kjorstad | Fronsbygdin 2007 | Frå 1911 til 1915 budde familien i Sør-Fron. Dei hadde med seg europeiske skikkar og eit trønsk opphav – forfattaren Jpohan Bojer og kona Ellen med ungane Tore, Randi og Halvard. |
| Bygdeslaktar i over tretti år | Oddmar Myrom | Fronsbygdin 2007 | Folk har alltid måtta ta livet av dyr, anten det var husdyr eller ville dyr dei hadde som næringsgrunnlag. Ottar Øverjordet frå Ruste dreiv eit bygdeyrke som i dag er forbode ved lov. |
| Å selja ein gard | Ole Bjerke | Fronsbygdin 2007 | Å selja ein ættegard er for dei fleste ei tung avgjerd. Mangt skal tenkjast igjennom og ordnast. Fleire enn Reidun og Ole Bjerke, som selde Sygard Bjørke i Sør-Fron, kjem nok i den situasjonen. |
| Oppvekst på eit lite småbruk | Oskar Letrud | Fronsbygdin 2007 | Ein stor barneflokk var noko av det som særmerkte livet på mange små plassar for nokre generasjonar attende. Livet var eit heilt anna enn i vår tid, men hadde mangt ved seg som vi ikkje tenkjer over i vårt velstandssamfunn. |
| Spelemennene Jehans Knuta og Amund Grisibu | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2007 | I 1940-åra vart det funne att eit brodert ulltrekk på ei underdyne på garden Steberg. Det er vanskeleg å tru at dynetrekket kan vera tenkt til anna enn eit stasplagg – eit skjørt eller ein livkjole. |
| Å vekse opp på ein prestegard | Snøfrid Skaare | Fronsbygdin 2007 | "Der blev en pause i soiréen da prestens datter trådte ind, og sladderen der gikk om theen blev stum ved hennes lette trind". Welhaven skreiv dette om Camilla Wergeland. Korleis var det å vekse opp på ein prestegard i Nord-Fron? |
| Karen Pedersen | Tea Myrstad | Fronsbygdin 2007 | Karen Pedersen eller Karn Persen, som det vart sagt til dagleg, var tenestejente for tre generasjonar på N. Bjørke.. For det fekk ho fortenestemedalje, men starten på livet kunne ikkje ha vore stort verre. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Jødeaksjonen i Fron | Tore Pryser | Fronsbygdin 2007 | I etterkrigstida var ungdomshusa ein viktig møtestad for bygdefolk. I denne artikkelen får vi eit godt inntrykk av korleis ein unggut opplevde ein møte- og festkultur som mange vil kjenne seg att i. Her var alt frå basar og forkynning til vill fest. |
| Tre huldresegner frå Sør-Fron | Velle Espeland | Fronsbygdin 2007 | Desse to segnene viser korleis segnstoff oppstår. Vi har ein trong til å finne forklaring på gåtefulle hendingar. Og er vi ikkje heilt nøgde, diktar vi ein ny versjon. |
| Per Gynt-segnene frå 1873 og 1877 | | Fronsbygdin 2007 | Denne artikkelen handlar om tre lokale segner, og dei blir sette inn i ein større samanheng. Segnstoffet lever eit stille liv i vår tid og er ikkje lenger ein del av eit felles minne. Dette er gode historier. |
| Museet på Ruste skule | Anders Nustad | Fronsbygdin 2008 | Hausten 1989 feira den norske grunnskulen 250 år. Ruste skule arbeidde med prosjektet "den gamle skulen". I jubileumsåret vart loftsrommet på gamle Brynsmoen innvigd til skulemuseum. |
| Bjørnson-brev | Birgitte Bay | Fronsbygdin 2008 | Karoline og Bjørnstjerne Bjørnson var venner med Marthe og Knut Bay på Sygard Forr. I denne artikkelen presenterer Birgitte Bay Bjørnson-brev til tipp-tippoldeforeldra sine. |
| Minne frå Sør-Fron pleiehjem | Eldrid Listad | Fronsbygdin 2008 | Denne artikkelen gir eit glimt inn i omsorgstenesta i Sør-Fron på slutten av 1950-talet. Tunge tak og store arbeidsoppgåver var vanleg den gongen også. Dette er ein utvida artikkel frå Kyrkjebladet for Sør-Fron i 2003. |
| Haugsetra på Kvamsfjellet | Fredrik Moen | Fronsbygdin 2008 | Fleire av dei gamle setrene i bygdene står tome gjennom året. Rundt desse setrene har det vakse fram hyttegrender. I denne personlege teksta ser artikkeleforfattaren seg attende på ei tid som var. |
| Hundorp stasjon – vekst og fall | Gard Espeland | Fronsbygdin 2008 | Det var ulike meiningar om kva Hundorp stasjon skulle liggje, og kvar banen gjennom Gudbrandsdalen skulle ende. Etter hundre år vart service – og kommunikasjonssenteret lagt ned. |
| Frøningar i gulltransporten 1940 | Hans Petter Kleiven | Fronsbygdin 2008 | Da tyskarane okkuperte Norge 9.april 1940, var det viktig å berge gullbehaldninga til Norges Bank frå okkupantane. Fleire i vaktmannskapa med gulltransporten var frå Fron og Ringebu. |
| Natur og levekår i Kvam i mine oppvekstkår | Helge Stormorken | Fronsbygdin 2008 | I Fronbygdin 2007 skreiv artikkelforfattaren om livstilhøve i Kvam før krigen. Andre del av artikkelen handlar om utmarksnæringar, handverk og industribygging, skulestell og sosiale tilhøve i bygda. |
| Lars Prestmoen | Kåre Hosar | Fronsbygdin 2008 | Langt utanfor Fron finst det arbeid etter Lars Prestmoen, og ikkje minst pipehovud frå "Pip-Larsen" på Lillehammer. Han var ein allsidig kunstnar som arbeidde seg opp frå små kår. |
| Sundinga ved Hundorp | Nils Chr. Steig | Fronsbygdin 2008 | Ved Hundorp-brua ligger en idyllisk plass som i daglig tale blir kalt "Sundstugu". Før brua kom i 1924, var her livlig trafikk over Laugen. Denne artikkelen forteller historia om folket som bodde ved Laugskanten og hadde sitt arbeid der. |
| Plukk frå det biologiske mangfaldet i Fron | Ola Holen | Fronsbygdin 2008 | Mange planteartar er truga av utrydding. Desse blomsterplantene utgjer ein viktig del av det biologiske mangfaldet. Det er mange artar i Fronsbygdene også som er i faresonen. |
| "Iverstuguin" | Ole Chr. Risdal | Fronsbygdin 2008 | Spelemannen og komponisten Torger Iverstugun sette spor i den gudbrandsdalske folkemusikken. Sommaren 2008 vart det reist eit minnesmerke over han i Skåbu. Kven var han og kva stod han for? |
| Vatningsgrøfta som ikkje kom i bruk | Oskar Letrud | Fronsbygdin 2008 | "Viss Vår herre gjev oss sol, ordna oss vatn sjølve" – blir det sagt i Nord-Gudbrandsdalen. Ifølgje lokalhistorikaren Einar Hovdhaugen hadde dølane frå gammalt ein trong til prosessar… |
| Frå eit langt og engasjert skuleliv | Ottar Hovde | Fronsbygdin 2008 | Nils Os var fødd på Nordfjordeid, men budde i Fron i om lag xseksit år. Han var ein av fleire vestlendingar som flytta over fjellet og fann seg levebrød. Nils Os gjekk bort i 2005. |
| "Sponplåta" er 40 år | Per Ottesen | Fronsbygdin 2008 | Sponplatefabrikken på Kvam er eit dominerande innslag i Kvam sentrum, og ei nøkkelbedrift i Nord-Fron kommune. Denne artikkelen tek for seg nokre merkepålar gjennom desse 40 åra. |
| Spelemannen og småbrukaren Emil Fevolden | Ragnhild Ulberg | Fronsbygdin 2008 | Denne artikkelen fortel om ein spelemann som vaksne frøningar kjenner godt. I mange år spelte han til dans, og til dagleg var han småbrukar. I dag er Emil Fevolden ei rik folkemusikkjelde. |
| Da sør-frøningane ville velja seg prest sjølve | Sorenskrivar Beer | Fronsbygdin 2008 | Presterolla var utfordrande før i tida også. Dette brevet var tenkt til kyrkjestadsråden, men vart stoppa av sorenskrivaren på Heggerud. Folk hadde bestemte krav til presterolla i bygda. |
| Pilegrimsvandrar i Fron | Tormod Berger | Fronsbygdin 2008 | Denne artikkelen fortel om pilegrimsleia frå Frya til Otta. Artikkelforfattaren har gått til Trondheim fleire gonger. Han meiner leia kan gjerast langt betre enn i dag der ho går i eit mektig kuturlandskap. |
| Åtte potter rømme, fire merker smør | Velle Espeland | Fronsbygdin 2008 | Eit dusin er 12, men kor mange skal det til før det blir ein heil skokk, og kor mykje er eigentleg eit lite gram? Denne artikkelen handlar om gammalt mål og vekt. Det er i stor grad ukjent kunnskap i dag. |
| "Eften døden en sømmelig begravelse…" | Arild Teigen | Fronsbygdin 2009 | Skikkar rundt død og gravferd er fleire og han endra seg mykje gjennom tida. Staten og øvrigheita var i lange periodar svært lite involvert i prosessen rundt naturlege dødsfall. I vår tid er dette snudd på hovudet. |
| Minne frå Tysklandsbrigaden | Arve Skurdal | Fronsbygdin 2009 | Fleire frå midtdalen deltok i plikttteneste i Tyskaland etter den andre verdskrigen. I alt gjorde 50 000 menn si teneste der nede. Dette er krigsminne som nok er mindre påakta i ettertid. |
| Stasskåp frå Tofte i Sør-Fron | Bjarne Jetlund | Fronsbygdin 2009 | Det var nok nokså vanleg at jentene i familane fekk med seg skåp eller liknande i heimefølge da dei flytta ut. Her er historia om fem jenter som fekk kvart sitt skåp. |
| Flukta til en engelsk soldat våren 1940 | Eivind Holen | Fronsbygdin 2009 | Her får vi høre om en lykkelig flukt fra de tyske okkupantene våren 1940. Med hjelp fra bygdefolk kom engelskmannen seg unna, men kontakten med soldaten ble ikke holdt etter krigen. |
| Butikken på "Rishåmmara" | Fride Gunn Rudi | Fronsbygdin 2009 | Rishåmmaren låg sentralt til for folk på Sør-Fron som skulle til setres på Østkjølen.Den gamle setervegen gjekk forbi oppigjennom "Haugane". Det var naturleg å stoppe her for å proviantere til seterreisa. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Dokter Grønning – ei legende på Sør-Fron | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2009 | Alle som har hatt noko å gjera med doktoer Grønning hugsar han som eit menneske utanom det vanlege. Kanskje var det dei store motsetningane i han som fascinerte og forundra folk? |
| Gulltransporten i 1940 – om to som var med | Hans Petter Kleiven | Fronsbygdin 2009 | Denne artikkelen er en naturlig fortsettelse av Hans Petter Kleivens artikkel om gulltransporten, som stod i *Fronsbygdin* i 2008. Her blir vi presentert for sønnene til to av de som var med. De har mye interessant å fortelle. |
| Litt frå reiselivet i Fron | Hans Petter Kleiven | Fronsbygdin 2009 | Reiselivet er ei viktig næring for næringslivet i Fron. Særleg har høgsfjellhotella spelt ei framståanande rolle og denne artikkelen presenterer menneske som gjekk i bresjen og viste veg. |
| Bjerkebæk – heimen til Sigrid Undset frå Kvam og Sør-Fron | Marit Hosar og Kjell Marius Mathisen | Fronsbygdin 2009 | I dag er heimen til Sigrid Undset gjort om til museum og er ein stor attraksjon i distriktet.Korleis gjekk det til at diktarheimen Bjerkebæk fekk hus frå Fron? Denne artikkelen gir svara. |
| Bygde- og kunstsmeden Sigurd Kleppen | Morten Skurdal | Fronsbygdin 2009 | Fronsbygdene har hatt mange bygdekunstnere. Denne artikkelen forteller om en allsidig mann som ikkje minst blir husket som kunstsmed. Det er igjen mange arbeider etter han i midtdalskommunene. |
| Om Hundorp hotell og Hundorp landhandleri | Nils Chr. Steig | Fronsbygdin 2009 | Da jernbanen kom oppover dalen i 1896, ble det fart i næringslivet i bygdene. Et eksempel på slik nyetablering var nettopp forsøket på å skape et sentrum i Sør-Fron. |
| På fiske i Alaska og litt til | Odd Kjorstad | Fronsbygdin 2009 | Mange frøningar har for stuttare eller lengre tid arbeidd langt frå heimbygda. Mest kjent er kvalfangsta i Sørishavet, men denne vesle artikkelen fortel mellom anna om fiske etter laks nokre år etter krigen. |
| Kan du fronsdialekta? | Odd Midtlien | Fronsbygdin 2009 | Gjennom 30 ordforslag, der berre 10 er rette, blir du utfordra i fronsmålet! |
| Ny minnestein over Bjarne Lien | Odd Midtlien | Fronsbygdin 2009 | Ein nye minnestein er reist over Bjarne Lien ved Sør.-Fron kyrkje. Den nye steinen vart høgtidelleg avduka på frigjeringsdagen i 2008. Bjarne Lienen var den einaste sør-frøningen som fall i kamp under andre verdskrigen. |
| Vinstra bruk | Per Ottesen | Fronsbygdin 2009 | Lofossen i Vinstraelva har vore utnytta langt attende i tid. For vel 130 år sidan kom likevel gjennombrotet gjennom etableringa av Vinstra Bruk. Denne artikkelen ser nærare på den aktiviteten som vart så viktig for Vinstra og ikkje minst Rustebygda. |
| Gåter og visestubber frå Kvikne | Per Åsmundstad | Fronsbygdin 2009 | Etter Olav Åsmundstad i Kvikne er det mykje av interesse for lokalhistoria i Fron.Per Åsmundstad har ved fleire høve gjort dette stoffet kjent, ikkje minst ved boka han skreiv om "fabro" sin. Det som følgjer er prenta i originalform. |
| Theodor Caspari – ein diktar i Fron | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2009 | Ein diktar som knappast er omskrive i litteraturhistoriene, men som såg på Fron som sin andre heimplass trengst å bli trekt fram att frå gløymsla og bli lesen. Denne artikkelen trekkjer fram sider ved forfattarskapen. |
| Da det vart ein annan dans borti Lia | Tordis Irene Fosse | Fronsbygdin 2009 | Denne artikkelen fortel om leikarring og vals og unge innflyttarlærarinner på femtitalet. Denne kulturforma er under press i vår tid, men artikkelforfattgaren syner kor verdfulle slike danseformer kan vera. |
| Svartbok og trollkatt i Fron | Velle Espeland | Fronsbygdin 2009 | Nord-Fron er den bygda i landet som har flest svartebøker. Det finst fleire lokale segner og fråsegner om personar som var trolldomskunnige eit par generasjonar tilbake. |
| Oppvekst på Sør-Fron prestegard | Øystein Hov | Fronsbygdin 2009 | Prestegarden i Sør-Fron har ei rik historie, sentralt plassert i bygda. Sverre Hov var sokneprest i Sør-Fron frå vinteren 1950 til han gjekk av med pensjon i 1974. I denne artikkelen fortel sonen Øystein Hov korleis det var å vekse opp på prestegarden. |
| Da Nørdre Øverbygda fekk skule. | Anton Bjerke | Fronsbygdin 2010-2011 | I 1865 vart det innkjøpt ei tomt til ein skule for Nørdre Øverbygda i Sør-Fron. Skulen var i bruk heilt til 1961 da kretsen fekk skulehuset til forsamlingslokale. Dette fekk namnet Øvertun. |
| Frå Mælingen i Kvam til Minnesota | Arild Teigen | Fronsbygdin 2010-2011 | Præriebrannar, store svermar med grashopper og iskalde vintrar. Mykje slit venta nybyggjarane frå Kvam som slo seg ned i Minnesota i 1869. Framleis har etterkomarane kontakt med heimbygda. |
| Byggeskikk i Fron | Arnfinn Engen | Fronsbygdin 2010-2011 | I alle fall dei siste par hundreåra har Fron vore eit brytnings-område mellom den tradisjonelle byggeskikken i dalen, og dei nye stiltrekka som kom inn frå sør tidleg på 1800-talet. |
| Da «Sjennin» skulle over Augla. | Fride Gunn Rudi | Fronsbygdin 2010-2011 | Det gjekk nesten gale da Einar Rolvsbakken og hesten «Sjennin» prøvde å gå Kalstigen beinast over Augla for å kome til Kile. Korkje før eller seinare har det gått hest på denne smale stigen. |
| Anonymt mellomalderhus i Sør-Fron. | Gard Espeland | Fronsbygdin 2010-2011 | På Haverstad i Søre Lia står eitt av dei aller eldste trehusa i landet – eit stabbur som opphavleg truleg hadde ei sval på alle fire sidene i andre høgda. Berre om lag 200 tømmerhus i Norge er så gamle. |
| Den gongen telefonen var manuell. | Gard Espeland | Fronsbygdin 2010-2011 | Hausten 1939 tok Inger Engum (Espeland) til som sentralborddame på Sør-Fron, 17 år gammal. Lønna var 25 kroner månaden, og arbeidet inkluderte også litt barnepass og enklare husarbeid. |
| Det andre Hundorp. | Gard Espeland | Fronsbygdin 2010-2011 | Ein sjeldan gong hender det at Hundtorp i Bardu i Troms blir forveksla med Hundorp i Sør-Fron. Og faktisk finst det eit slags samband mellom desse to stadene med nesten det same namnet. |
| Ein tur Bortafor. | Gard Espeland | Fronsbygdin 2010-2011 | Bortafor kunne barn frå Lia oppleve spennande filmar og dødsryttarar ved kommunelokalet, dessutan eit intenst kaféliv på Svendsens kafé. Men det kunne også vere turar fulle av skrekk og gru. |
| Hans Joten – jernmann, rimsmed og samfunnsrefsar | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2010-2011 | Som smed var han vel berre så måteleg. Heller ikkje var det nokon stor poesi han kom med. Det var det store engasjementet han synte i dei sakene han trudde på, som gjorde han stor. |
| Tårnbyggjaren som vart frøning. | Hans Odenrud | Fronsbygdin 2010-2011 | Byggmester Werner Olsen budde store delar av livet på Fron. Han restaurerte kyrkjer i mange bygder i Gudbrandsdalen. Men det var truleg ikkje han som bygde opp att Listadkyrkja i 1617. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| To døler på studenbenken. | Helge Stormorken og Hans Gotfred Sandbu | Fronsbygdin 2010-2011 | Etter halv ti skulle det være stille, og å gå på do etter den tid var slett ikke tillatt. Reglene var strenge for de to veterinærstudentene som delte en 15 kvadratmeter stor hybel i Oslo i åra 1942–1947. |
| På jakt etter storelgen. | Johan Dalseg | Fronsbygdin 2010-2011 | Budeiene på Sødorp-setrene skulle ha sett ein uvanleg stor elgokse i området, og jegerane året før oss hadde vore i kast med ein «bigse» der, så kanskje hadde Ole ein baktanke med å jakte i Frylia. |
| Da sorenskrivaren ville ha seterveg | Knut Fossehagen | Fronsbygdin 2010-2011 | I 1845 vart bøndene i Nørdre Lia på Sør-Fron samde om å byggje ny veg heilt inn til setra på Bjørnhaugen. Pådrivar var sorenskrivaren på Hundorp, men også presten gjekk inn for prosjektet. |
| Murar og tufter i Steindalen. | Mildrid Een Eide | Fronsbygdin 2010-2011 | Etter synfaringane stod vi att med tre tolkingar. Var murane og tuftene spor etter ei bygdeborg? Kunne det vere spor etter ein husmannsplass utan jord? Eller var dette spor etter stor verksemd i steinbrotet? |
| Smiu åt Pettersen-karom | Nora Stormyrbakken | Fronsbygdin 2010-2011 | Nesten alle i bygda hadde ærend til Ole eller Magnus Pettersen på Vinstra den tida alt som kunne reparerast, vart reparert. Pettersen-karane passa også brannbilen, og rykte ut når det var brann. |
| Da Frya hadde eget 17. mai-tog. | Odd Ivar Storløkken | Fronsbygdin 2010-2011 | I 1949 hadde Frya sitt eget barnetog på 17. mai. Omkring 15 elever gikk bortimot 3,5 km før Theodor Bakken kjørte dem i lastebil til Hundorpgeilen slik at de kunne slutte seg til toget som kom fra Lia. |
| Skoekampsetra på Engeberget | Oskar Letrud | Fronsbygdin 2010-2011 | Setra på Engeberget i Kvam har vore eigd både av kongen og av småbrukarar. Ei tid var det også planar om ei turistverksemd der. Men nå står husa til nedfalls slik som på så mange andre setrar. |
| Den siste husmannsplassen | Per Ottesen | Fronsbygdin 2010-2011 | Bakkestugu var den siste husmannsplassen i Nord-Fron. Her budde Rønnaug Sagboden til ho døydde i 1994, 99 år gammal. Ho levde eit nøkternt liv, og tente litt på å strikke – mellom anna «rosahoso». Sjå Rønnaug i Norge Rundt frå 1992. |
| Men det var ikkje siste dans | Per Ottesen | Fronsbygdin 2010-2011 | På Bøndernes har både The Spectacles, Per Aabel, Oddvar Nygaard og Ola Opheim stått på scena. Gjennom 50 år var forsamlingshuset sentralt i forenings- og festlivet, men så var det slutt, eller … |
| Låven som vart pilegrimssenter | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2010-2011 | Ikkje mange hus har hatt eit så omskiftande tilvære som den gamle tømmerlåven frå Sigstadvolden i Kvam: sløydsal, internat, ungdomsherberge, turistinformasjon, butikk, og pilegrimssenter. |
| Vals te tusen. | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2010-2011 | Den 18. september 2010 fekk spelemannen og komponisten Oddvar Nygaard (1919–1985) sitt fysiske minnesmerke i Sør-Fron sentrum. Melodiane og musikargjerninga hans vil seint bli gløymt. |
| Jernalderfunn på Jetlund i Sør-Fron. | Svein Jetlund | Fronsbygdin 2010-2011 | I samband med utgreiingane kring ny trase for E6, vart det hausten 2008 og våren 2009 gjort arkeologiske undersøkingar fleire stader i Midtdalen. Mellom anna vart det gjort store funn på Jetlund. |
| Spennande leik ved Fossåa. | Tordis Irene Fosse | Fronsbygdin 2010-2011 | Ei elv som Fossåa er spennande og forlokkande, men også dramatisk og farleg. Medan dei vaksne kjører tømmer, skyl klede og hentar vatn, prøver barna ut grensene, og lærer kvar dei er. |
| Oppvekst på kraftanlegg i Skåbu. | Trond Bakkevig | Fronsbygdin 2010-2011 | Aller best likte jeg å være med Nils Sande når han kjørte rundt med sin Bedford lastebil, eller med beltebil om vinteren. Jeg var hjelpegutt når vi kjørte til Rauskaret, Sandvann eller Heimdalsvannet. |
| Oppvekst på Kvarvet. | Trond Dalsegg | Fronsbygdin 2010-2011 | Også barna til bureisarane på Kvarvet måtte tidleg vere med i arbeidet. Det var ein stor dag da ein fekk vere med mor og far til Vinstra for å kjøpe armbandsur som takk for innsatsen. |
| Havfrua i Furusjøen. | Velle Esepland | Fronsbygdin 2010-2011 | I følgje ei gamal segn skal det ha vore ei havfrue i Furusjøen på Kvamskjølen. Og ikkje berre var ho vakker, ho kunne også gje svar på alt ein lurte på. Men møtet med ein reinsjeger vart dramatisk. |
| Flom i Kvam gjennom tidene | Arild Teigen | Fronsbygdin 2012 | Det har vore mange store flommar i Kvam. Den fyrste vi veit om var i 1348. Målingar under kyrkja syner at det ligg leire og sandavsetningar heile 50 meter under bakkenivå. |
| Gamal steinrulle på Jetlund | Bjarne Jetlund | Fronsbygdin 2012 | På garden Jetlund i Sør-Fron blir det framleis brukt ei gamal steinrulle til å rulle dukar og sengeklede med. Ho har vore i bruk kvart år – i alle fall i over hundre år – kanskje enda lenger. |
| Tre gonger gift og tre gonger enkje | Eivind Holen | Fronsbygdin 2012 | Tre gonger gifta ho seg. Fyrste gongen var ho berre 16 år, og måtte søkje kongen om lov. Tredje gongen var ho 34. Anne Olsdatter Tagestad, født på Nordgard Tåkåstad i 1797, fekk ein hard livslagnad. |
| Du e´hiven, du Glott | Gard Espeland | Fronsbygdin 2012 | For å unngå jødeforfølgingar i Ukraina, reiste Moritz Glott til Norge via Tyskland,. Her gjorde han stor suksess i tobakksbransjen, Frå 1942 og ut krigen budde han på garden Grov på Sør.Fron. |
| Spåregler | Gard Espeland | Fronsbygdin 2012 | Eit utval spåregler i lokal bruk. |
| Redvald Knudtson – ein neste gløymd midtdøl | Geir Beitrusten | Fronsbygdin 2012 | Husmannsguten frå Rolstadlia i Skodalsgrenda vart anleggsarbeidar og samfunnsbyggjar. Han grunnlag avisa Dunderlandsdølen, og var ordførar i Mo i Rana. I dag er han neste gløymd i heimbygda. |
| Den siste vintersetringa | Gunn Rudi | Fronsbygdin 2012 | Mathilde Forr Melgard og Oddbjørg (Romstad) var budeier på Furuseter på Østkjølen i Sør-Fron vinteren 1933. Det må ha vore ein av dei siste gongene det var vintersetring i Fron. |
| Medalskarane på Frya | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2012 | Georg, Edmund og Iver Megaarden var svært så kunnskapsrike. Men i mang anna var dei tre brørne så ulike som det nesten går an å vera. På sitt beste var dei gode folkeopplysarar. |
| Bulldosarmannen | Hans Odenrud | Fronsbygdin 2012 | Med svært tronge kår som utgangspunkt greidde Erling Rolstad å spare så mykje at han kunne kjøpe seg ein brukt lastebil i 1947. I dag opererer familieselskapet over heile Sør-Norge. |
| Ei lang seterreise | Hans Odenrud | Fronsbygdin 2012 | For mange gardar i Fron vard et ei dryg reise for å kome på setra. Ofte gikk heile dagen med før ein var framme. Likevel var seierreisa noko både folk og krøtter såg fram til med glede. |
| Historia om Peer Gynt-vegen | Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2012 | “Høyt over alle hav, i blånenes drømmende og forunderlige verden”, slik presenterte Aftenposten den nye Hotellvegen frå Skei til Gålå i 1955. Året etter vart han omdøypt til Peer Gynt-vegen. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gjætargut som seksåring | Jens Thulstrup | Fronsbygdin 2012 | Seks år gammal følgde Petter Svelle ein saueflokk heilt åleine nede frå Lia til setra ved Fagerhøy. Da han var tolv, låg han og den femten år gamle systera, Marit, åleine på setra med tolv kyr og ysta raudost. |
| Tidleg vatning i Sødorp | Johannes Brandvol | Fronsbygdin 2012 | For om lag 300 år sidan gjekk 13 gardar i Sødorp saman om eit avansert vatningsanlegg. Ein del av anlegget er ftramleis i drift. I dei solvende åkrane er det vassmengda som set grenser for avlingane. |
| Et klenodium fra 1917 | Jon Steinhaugen | Fronsbygdin 2012 | Sommeren 2011 ble det funnet ei vakker fane på loftet på Øvre Prestemoen i Sør-Fron. Den hadde tilhørt Sør-Fron kommunistlag som var stiftet så tidlig som i 1917. Fana har ligget der siden 1945. |
| Var han inspirert av Fronskyrkja? | Jon Ødegård | Fronsbygdin 2012 | I 1902 kjøpte Hans L. Melgaard The Springbank Farm i Red River-dalen i USA. Her ville han prøve ut og demonstrere moderne landbruk. Låven han bygde var stor og rundt som Fronskyrkja. |
| Fersk frøning i Bærum | Jørn Holme | Fronsbygdin 2012 | I 1947 ble et gammelt tømmerhus flyttet fra Nigard Tofte i Sør-Fron til Bærum. I dag er det bolig for riksantikvaren, og står på Bærum kommunes verneliste. Trolig er det 300 år gammelt. |
| Ein budnad frå Ulberg | Kirsti Krekling | Fronsbygdin 2012 | Emma Ulberg som var født i 1884 i Sør-Fron, fekk ein ny bunad fyrst på 1900-talet. Bunaden var sannsynlegvis ei nyskaping, men det er uråd å vita om inspirasjonen også kan vera henta frå eit konkret plagg. |
| Kristensertra – på grensa mot Gausdal | Knut Fossehagen | Fronsbygdin 2012 | Vegen til Kristensetra i Sør-Fron var lang både sommar og vinter. Men ressursane på fjellet var viktige for at folk og fe kunne berge seg. Framleis blir denne seterstulen utnytta. |
| Julestrid på Bjørkheim Landhandel | Lise Løkken og Velle Espeland | Fronsbygdin 2012 | Juleutstillingane på landhandleria var ein viktig del av adventstida. Med dei vart forventningane til jula skrudd opp fleire hakk. På Bjørkheim Landhandel i Lia dreiv Kristian Strype butikk frå 1927. |
| Jordmor Mathea i Nord-Fron | Nora Stormyrbakken | Fronsbygdin 2012 | Da ho er 30 år gammal, blir den nye jordmora forelska i ein enkjemann på 40. Dei får ti år saman, men må leve skild frå kvarandre seks månader kvart år med han er fiskeoppkjøpar i Finnmark. |
| Toramjølk | Odd Midtlien | Fronsbygdin 2012 | Kva betyr så dette ordet? |
| Grutvatn | Odd Midtlien | Fronsbygdin 2012 | Forklaring på ordet "grutvatn" – kan det ha noko med kaffi å gjera? |
| Rærin og slekta hans | Ole Christian Risdal | Fronsbygdin 2012 | Anton H. Reiret (1881-1964) eller Rærin, som han vart kalla, er ein av bygdeoriginalane som oftast blir herma i Skåbu. Han stulla og stelt med sitt, og let seg ikkje påverke av mas og stress i kvardagen. |
| Med båt og ferje over Laugen | Oskar Letrud | Fronsbygdin 2012 | Dei som budd på vestsida av Gudbrandasdalen mellom Vinstra og Kvam var avhengige av ferje for å kome seg over Laugen – før det kom ei smal hengebru ved Kvamsporten i 1952. |
| Lillehammertur frå Kvikne i 1849 | Per Åsmundstad d.d. | Fronsbygdin 2012 | Da jernbanen kom, var ein tur til Lillehammer ei lang reise med fleire overnattingar. Likevel var det vanleg at mange tok denne turen med hest og kjerre ein gong i året for å handle – og for å høyre nytt. |
| Hernæsin  tok svingene | Steinar Larssen | Fronsbygdin 2012 | Han likte at det gikk fort i svingene, og han tjente på mange ulike aktiviteter. Størst suksess gjorde Øyvind Hernæs som bil – og motorsykkelforhandler – før han gikk helt over til møbler. |
| Lappeleste varsla jula | Trond Myrstad | Fronsbygdin 2012 | Labbeleste var ein figur som brukte å koma på gjesting på veslejulkvelden i Vågå og Heidal. Men i nyare tid har han også dukka opp i bustadfelta på Vinstra. Han minnar folk om at det snart er jul. |
| Til minne om sivile som mista livet. | Arild Teigen | Fronsbygdin 2013 | |
| Gymnasiast på Vinstra i 1950-åra. | Arne Finborud | Fronsbygdin 2013 | Gymnaset på Furuheim hadde ikkje råd til vaktmester før i 1951. Ein nabo sørgde for vedforsyninga, men rektor måtte ofte i sving med primusar tidleg om morgonen for å tine opp dei to wc-ane. |
| Gravminne i Fron. | Arnfinn Engen | Fronsbygdin 2013 | Frå siste delen av 170-talet vart det meir vanleg at det vart sett eit minne på grava med namn og dato for fødsel og død. Spesielt i åra 1820 til 1850 vart det laga gravsteinar av kleber i Fron. |
| Sandbu stoppestad. | Aud Sandbu | Fronsbygdin 2013 | I 1914 oppretta NSB ein stoppestad ved Gammel-Sandbu. Trafikkgrunnlaget var mellom anna mjølkespann som skulle sendast til og frå ysteriet på Vinstra. Fyrst i 1966 vart haldeplassen lagt ned. |
| Fagerhøy – setra som vart skule. | Carl Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2013 | Storhaugen, setra til Sygard Forr, vart bygd ut til Fagerhøy Sanatorium som opna i 1882. Frå 1969 har det vore leirskule i kombinasjon med vanlege turistar  på den vêrharde staden 1018 moh. |
| Ein av dei fyrste bileigarane. | Eiliv Enget | Fronsbygdin 2013 | |
| Stadnamn etter Gålåvegen. | Eiliv Enget | Fronsbygdin 2013 | |
| Vegane i Skurdalsgrenda. | Eiliv Enget | Fronsbygdin 2013 | I 1920-og 1930-åra fekk Skurdalsgrenda ny veg. Bilane måtte kome fram til hotell inne på fjellet. Framleis kan vi sjå spora eter Gammelvegen mange stader. |
| Søndagsmiddag på Kafeterian. | Gard Espeland | Fronsbygdin 2013 | I 1950-åra gav ein bil fridom – fridom til å reise til Vinstra for å kjøpe seg søndagsmiddag på den ultramoderne Peer Gynt Kafeteria. Den gongen Vinstra var Nedregate, og all trafikken på riksvegen passerte her. |
| Spilte A-lagsfotball i 27 år. | Geir Teigøyen | Fronsbygdin 2013 | Nils Røssummoen blir av mange regnet som Gudbrandsdalens beste fotballspiller gjennom tidene. Hans spilte førstlagsfotball i hele 27 år- og selvsagt scoret han også i sin siste kamp. |
| Oppvekst under den kalde krigen | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2013 | Under krigen var det stor aktivitet på Frya, med ammunisjonslager, soldatar og krigsfangar. Etter krigen måtte grenda finne attende til kvardagen, med i lang tid var spora etter krigen der. |
| Fra Frons eldre historie. | Ingar M Gundersen | Fronsbygdin 2013 | Allerede for omkring 2000 siden ble det drevet jordbruk i dalbunnen ved Grytting, Frya og ved Breivegen i Sør-Fron. Men hyppige flomkatastrofer for omkring 1500 år siden kan ha ført til at gårdene ble oppgitt. |
| Fra Orkenøyene til London og Gålå. | John R. Sclater | Fronsbygdin 2013 | I flere generasjoner har familien Sclater feriert på Gålå der de kjøpte ei gammel seter i 1902. Men allerede i 1873 ferierte den unge Francis Saudersen Sclater i Vågå der han fant sin store kjærlighet. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ny kjerring på gammel gard. | Kari Bay Haugen | Fronsbygdin 2013 | Ung og uten erfaring med gardsarbeid kom Kari Bay Haugen til den tradisjonsrike Sygard Forr som gardkjerring – en gard som hadde vært i slekta side 1745. Det var ikke bare lett. |
| Kunsthandverkaren Ragnvald Frøysadal. | Kåre Hosar | Fronsbygdin 2013 | Læraren og den allsidige og originale kunsthandverkaren Ragnvald Frøysadal kom til Sør-Fron for fyrste gong i 1956. Resten av livet vart bygda heimen hans – frå 1969 Almelykkja i Øverbygda. |
| En lang låve på Steig. | Nils Chr. Steig | Fronsbygdin 2013 | Låven på Steig i Sør-Fron er hele 62 meter lang og 11 meter bred på det bredeest, og enda har den vært større. Da den ble bygget rundt 1859, måtte tømmeret hentes langveisfra. |
| Husmannsplassane under Ulberg. | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2013 | Garden Ulberg på vestsida mellom Harpefoss og Lia har hatt husmannsplassar. Det er Skinne, Skinnehaugen, Reire, Dokka og Huse - i ein kortare periode også Estinlykkja og Jørnslykkja. |
| Slik levde vi i Huse. | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2013 | Den siste familien som budd på husmannsplassen Huse, hadde ikkje berre nok til det daglege brød. Dei hadde òg råd til å abonnere på *Ukens Nytt* . Barna var med og skar åker frå dei var seks år gamle. |
| Ei gravferd i 1940. | Oskar Letrud | Fronsbygdin 2013 | Før var det relativt faste reglar for korleis ei gravferd skulle vere. Til middag måtte det helst vere ferskt kjøtt. Det måtte vaskast og bakast, og nokon måtte gå i skogen for å finne granbusker og granbar. |
| Kringle på Pettersens kafé | Per Ottesen | Fronsbygdin 2013 | Frå 1945 til 2002 var Pettersens kafé ein viktig møtestad på Vinstra. Kaféen og Anna var "berømt" for den gode kringla si. Her kunne både gymnasiastar og lokal ungdom møtast. |
| Nedregata før ´Terian kom. | Per Ottesen | Fronsbygdin 2013 | I 1950-åra var ikkje Nedregata på Vinstra berre hovudvegen mellom Oslo og Trondheim. Ho var også den viktigaste møteplasen i bygda og handelssentrum i Nord-Fron kommune. |
| Vanskeleg å lese gotisk handskrift. | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2013 | |
| "Så halmballer og gjerdestolper skvatt!" | Steinar Larsen | Fronsbygdin 2013 | Øyvind Hernæs´ store interesse var motorsport. I 30 år kjørte han billøp, og konkurrerte med samtidens mest kjente bilførere som Kjetill Gudim og Trond Schea. Ofte kom han langt oppe på premielistene. |
| "En kjekk 90-åring i Sør-Fron". | Ved Eivind Holen | Fronsbygdin 2013 | Marit Tagestad Holen , som fylte 90 år i 1938, kunne hugse både kongeferda i 1860 og storflaumen i Laugen same året. Dette kunne ho fortelje om i eit intervju som avisa Laagen hadde med henne. |
| Bispevisitas i Fron i 1620 | Velle Espeland | Fronsbygdin 2013 | |
| Han samla eventyr for Asbjørnsen. | Velle Espeland | Fronsbygdin 2013 | Ein gong rundt 1850 sende lærar Peder Nielsen to eventyr frå Fron til Peder Christen Asbjørnsen. Det eine-"Den kloge høne" – vart liggjande i arkivet og har aldri før vore trykt. |
| Kvams eigen eidsvollsmann | Arild Teigen | Fronsbygdin 2014 | Berre to gudbrandsdølar møtte på Eidsvoll i 1814. Det var Anders Lysgård, født i Øyer, men busett på Biri. Og Paul Harildstad Aamodt, født i Heidal, men gardbrukar på Sjoa. |
| Kyrkjene vart brukt til vallokal – også i Fron | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2014 | Sør-Fron kyrkje vart brukt til vallokal da det skulle veljast valmenn som skulle velje utsendingar til Eidsvoll. |
| Eit lite samfunn som nesten er borte | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2014 | På plassane under Dalsegg, på vestsida av Laugen ved Breivegsbrua på Sør-Fron, budde eit trettitals personar i 1865. I dag er fleire av dei små plassane borte. |
| Omgangsskulelæraren i Langli´n | Tore Fevolden | Fronsbygdin 2014 | I 1838 tok Engebret Bakken til som omgangsskulelærar i Langlia – ei stilling han hadde i 41 år. I 1840 kjøpte han garden Bakken som sidan da ofte har vore kalla Skulmesterhaugen eller Skulmesterbakkin. |
| Gamle segn og soger frå Skåbu | Georg Megaarden | Fronsbygdin 2014 | Ein jotun som kasta stein på Skåbu-kyrkja. Tre brør som sette lite pris på presten. Og ein uvanleg fiskefangst. Dette er tre soger frå Skåbu som Georg Megaarden fortalde om i Arbeiderbladet in 1930. |
| Da det vart sleppt yngel i Fossåa | Gard Espeland | Fronsbygdin 2014 | Frå 1900 og utover var det stor interesse for å sleppe fisk i elvar og i fjellvatna. I Sør-Fron har det vore tre klekkeri – på Svelle, på Valseter og i Baukholsgrenda. |
| Tamreindrift i Fron | av redaksjonen | Fronsbygdin 2014 | |
| Brekka skule – ein av dei nedlagte | Oskar Letrud | Fronsbygdin 2014 | I 1913 vart det bygd nytt skulehus i Brekka like sør for Kvamsporten i Nord-Fron. Det avløyste det gamle frå 1886. Barn frå båe sider av Laugen gjekk på denne skulen som vart lagt ned i 1984. |
| Innmarksnamn på Tåkåstadgardane | Sigurd Grytting | Fronsbygdin 2014 | Innmarksnamn – namn på åker og eng – kan fortelje om friftsmåtar, om terrenget, eller om tidlegare eigarar. Med mange folk i arbeid var slike namn nødvendige. Nå er mange av namna i ferd med å forsvinne. |
| Opp og ned med Vinstra vidaregåande skule | Olav Bratland | Fronsbygdin 2014 | For Vinstra vidaregåande skule har det vore uheldig med den sterke utbygginga av dei andre skoletilboda i Dalen. Det som ein gong var eit kjent landsgymnas, er ikkje lenger ein skole for heile dalen. |
| Kalkbrenning i Kollodalen *av redaksjonen* | | Fronsbygdin 2014 | |
| Halvdan Krag – ingen dusingvare | Hans Odenrud | Fronsbygdin 2014 | Mange vaksne frøningar hugsar Halvdan Krag som levde mellom 1901 og 1976. Han bygde båtar, og han teikna og produserte prefabrikkerte hus. Han var ein mann med humor, sjølvironi og poetiske evner. |
| Lidarheim-butikken i Lia | Gard Espeland | Fronsbygdin 2014 | I 1897 hadde Amund J. Rudi frå Sør-Fåvang tent så mykje på skreppehandel at han kunne kjøpe Lidarheim i Lia i Sør-Fron. Her opna han landhandel, og her var det butikk i over 100 år fram til 2004. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kjøpmann og musikkentusiast – om Magnar Rudi | Magnar Rudi og Gard Espeland | Fronsbygdin 2014 | |
| Olai – kuffertkremmar og lagstav | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2014 | Olai Olsen som budde på Breivegen, var ein kremmar som fòr rundt i bygda med kufferten sin og selde ymse varer. Også var han kjent for å vera ein lagstav, ei skravlebytte, utanom det vanlege. |
| Mitt Arktis i Fefortraktene | Sigrun Slapgard | Fronsbygdin 2014 | I området opp mot Fefor kunne barn i Riste dra på polarekspedisjon, og i skogen ned mot Laugen kunne dei leike at dei var indianarar. Vart nokon skadde, kunne dei leggjast inn på sjukestova på låven. |
| Golo – ei elv i Ruste | Anders Haugen | Fronsbygdin 2014 | Golo er inga stor elv, men likevel har ho vore til god nytte for rustværane, som har fiska, saga bord og male korn. Men elva har også skapt strid, og vore tema for bitre rettssaker. |
| Da Holocaust kom til Fron | Kjartan Ruset | Fronsbygdin 2014 | I 1918 busette den jødiske familien Karpol seg på Harpefoss i Sør-Fron. Hausten 1942 vart dei tre barna, Klara, Samuel og Ester sendt til utryddingsleir i Tyskland. Frå der kom dei aldri att. |
| Sør-Fron sangkor 100 år | Vegard Bjerke | Fronsbygdin 2014 | Sør-Fron sangkor vart stifta 25.februar 1914. Det har gått opp og ned med aktiviteten, men koret har sunge for kong Haakon, og saman med Ytre Suløen Jazzensemble, med Dolly de Luxe og Hanne Krogh. |
| Storfremmon i Kvam | Geir Beitrusten | Fronsbygdin 2014 | Gjennom åra har mange kjende personar gjesta Kvam – alt frå kongar til popstjerner. Den kriminelle forfattaren Arthur Omre brukte til og med Kvam som base for smuglarverksemda si. |
| Ord og uttrykk i fronsmålet | Magne Malerbakken | Fronsbygdin 2014 | |
| Fårråreppen sett frå Kjønås | Jon Ødegård | Fronsbygdin 2014 | For dei som budde på Nørdre Kjønås var det stuttare å dra til butikken på Frya enn til Vålbrua. Ved riksveg 50 skjedde det mykje spennande. Men ein slik tur kunne også vere skummel for ein som var liten. |
| Froon, Ffroon, Fraaen og Fraun | Tore Fevolden | Fronsbygdin 2014 | |
| Farvel, gamle E6! | Geir Paulsrud | Fronsbygdin 2015 | Det skulle gå vel 150 år før chausséen av 1869 vart avløyst av ein ny veg gjennom Gudbrandsdalen. Chausséen var sjølve symbolet på utvikling og varsla ei ny tid for Fronsbygdene, så vel som i resten av dalen |
| Landhandelen som ble kjent kro | Lars Tressum | Fronsbygdin 2015 | Fryatun må vike for den nye E6. Det begynte med en liten landhandel med en liten kafé og utviklet seg til en moderne kafeteria med mange faste kunder, spesielt langtrangtransportsjåførene. |
| Auto´n på Sør-Fron | Gard Espeland | Fronsbygdin 2015 | I 65 år har Sør-Fron Auto vore ein møteplass for sjåførar og bileigarar i bygda. Det har også vore ein plass der turistar og gjennomreisande har stansa. Starten var beskjeden og vanskeleg |
| Campingvertinne i over 50 år | Bjørg Askmann i samtale med Gard Espeland | Fronsbygdin 2015 | Sidan 1958 har vegfarande campingturistar kunne overnatte på Heimtun camping på Frya. Størst var turisttrafikken i 1970-åra. Den nye europavegen fører til store endringar i grenda. |
| Campingplassar i Fron | Gard Espeland | Fronsbygdin 2015 | Eit oversyn over campingplassane i Fron |
| Rolstadlia – husmannsbruk under Nigard Rolstad | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2015 | Som dei andre store gardane i Rysland hadde også Rolstad-gardane dei fleste av husmennene sine på baksida – der den sørlegaste delen difor vart kalla Rostadlia. Lengst sør låg plassane til Nigard. |
| Osteproduksjon på Harpefoss | Eiliv Enget | Fronsbygdin 2015 | Alt rundt 1900 skal brørne Petter og Hans Haugen ha bygd eit lite ysteri på Harpefoss. Dette var kanskje det fyrste ysteriet i Fron som tok i mot mjølk frå produsentane og ysta ost som dei sende ut av bygda. |
| Falskmyntaren som vart sl | av Tore Fevolden | Fronsbygdin 2015 | I 1738 vart 22 gamle Halvor Olsen Fevolden dømt til å vere slave på livstid fordi han hadde laga falske myntar. Han døydde i 1740, og var truleg den fyrste frøningen som vart festningsslave. |
| Frøningar i borgarkrigen | Ola Morken | Fronsbygdin 2015 | Minst 16 frøninar deltok i den amerikanske borgarkrigen. Motiva for å verve seg kunne vere naud og svolt etter uår og dårlege tider. Mange frøningar budde i Coon Valley i Wisconsin eller Skogdalen som dei sa. |
| Frå eit nordisk sommarkurs på Vik | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2015 | I 1908 starta Gudbrandsdalens folkehøgskule på Vik i Kvam ein lang kurstradisjon for nordiske pedagogar. Det fyrste kurset var for norske og danske lærarar, seinare kom det deltakarar frå heile Norden. |
| Historia om Liene skule 1916-2013 | Eli Ringen og Else Marie Sletten | Fronsbygdin 2015 | Liene skule er historie. Sjølv om Liene barnehage lever vidare i huset, er det sett punktum for ei 100 år gammal skulehistorie. Om lag 1350 elevar og meir enn 90 lærarar og assistentar har arbeidd på skulen. |
| 100 år med nestekjærleik og omsorg | styret i Sør-Fron sanitetsforening | Fronsbygdin 2015 | I 2014 var det hundre år sidan Sør-Fron sanitetsforening vart stifta. Målet var å drive humanitært arbeid og betre folkehelsa. Gjennom mange år dreiv sanitetsforeninga sjukebilen i bygda. |
| «Litljgardskaræin» | Vemund Hagen | Fronsbygdin 2015 | Kvar sitt par ski, kvart sitt rom, kvar sin moped. Tre enkle liv utan kvinnfolk, parabolantenne og unyttige ting. Det var «Litljgardskaræin», Olaf, Alfred og Trygve som budde øvst i Sødorp. |
| Klengjenamn på Kvam | Håkon Sveen | Fronsbygdin 2015 | Avanserte klengjenamn finn vi i heile Fron. Men truleg er det berre i Kvam at folk trivst med oppnamna sine – dei fleste i alle fall. Har du fyrst fått eit oppnamn, er det ikkje lett å bli kvitt det. |
| Turisttrafikk med båt i Skåbufjellet | Per Ottesen | Fronsbygdin 2015 | Tidlegare var det båttrafikk i Skåbufjellet. Frå vassenden i sørenden av Espedalsvatnet til Olstappen kunne turistane bruke båt før 1940 – med unntak av eit par små strekningar der dei måtte gå. |
| Skodalsåa kulturstig | Guri Skurdal Tofte | Fronsbygdin 2015 | Langs Skodalsåa på Harpefoss har Skodalsåas venner laga ein kulturstig med informasjonstavler der alle kan lesa om den store aktiviteten som var langs elva tidlegare. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Oppvekst på eit småbruk i Ruste | Else og Pål Øyumshaugen fortel til Tine Elisabeth Slang | Fronsbygdin 2016 | Else og Pål Øyumshaugen fortel til Tine Elisabeth Slang På det vesle småbruket Øiumshaugen i Ruste voks det opp ti ungar. Den eldste var fødd i 1937, den yngste i 1957. Faren, Sigurd, arbeidde i Vegvesenet, og familien hadde eit par kyr, to grisar og nokre sauer. |
| | | | |
| Hærverk på Prinsehytta i mai 1940 | Arild Teigen | Fronsbygdin 2016 | Den 16,. mai tok tyske soldatar seg inn til Prinsehytta i Sikkelsdalen. Kanskje hadde dei vona å finne medlemmer av kongefamilien der. Soldatane drakk seg fulle, og øydela hytta ved å skyte rundt seg. |
| Handel, handverk og industri i Lia | Gard Espeland | Fronsbygdin 2016 | I Lia i Sør-Fron har det vore produsert ferdighus, helsekost, tøflar, formsand, støvsugarar, konfeksjon, trestolar, snurrebassar, gitarar og ei rekkje trevareprodukt. Etter krigen var innsatsviljen stor. |
| Da Kvikne fekk ungdomslag | Tor Stallvik | Fronsbygdin 2016 | Den 11.desember 1898 vart det danna eit ungdomslag i Kvikne – eit samtalelag der deltakarane skulle lære argumentasjons- og debatt-teknikk, og der generell folkeopplysning var målet. |
| Da Erik Klomstad vart forgifta | trollkattsmør av Arild Teigen | Fronsbygdin 2016 | I 1681 skulda soldaten Erik O. Klomstad Barbro Vik for å ha lagt trollkattsmør i nista hans for å forgifte han. Slike skuldingar var ingen spøk den gongen, og det vart rettsak. |
| Husmannsbruk under Uppigard Rolstad | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2016 | Dei mange husmannsbruka til Rolstad-gardane låg i Rolstadlia på vestsida av Laugen. Øvst oppe låg bruka under Uppigard. Berre to av desse eksisterer i dag, Toppen og Ospa – Ospa som ferieheim. |
| Frøning i gapestokken | Tore Fevolden | Fronsbygdin 2016 | I 1694 vart Knud Hansen Fævold dømt til å betale tolv riksdalar, eller om lag ti årsløner, for å ha «besovet» Gunhild Engebretsdatter Lene. Fordi han ikkje greidde å betale, måtte han i gapestokken. |
| Prest i Sør-Fron gjennom 24 år | Øystein Hov | Fronsbygdin 2016 | Gausdølen Sverre Hov var prest i Sør-Fron frå 1950 til 1974. I tillegg til prestegjerninga var han sterkt interessert i kunst og kultur. Og han var også samfunnsengasjert. |
| Ord frå Fron i Norsk Ordbok | Lars S. Vikør | Fronsbygdin 2016 | Norsk Ordbok behandlar ca. 300 000 ord frå dialektane og nynorsk skriftmål, dels baserte på trykte skrifter, dels på setlar innsende av lokale medarbeidarar. Boka Fronsmålet av Gunnar Jenshus er ei rik kjelde. |
| 40 år med pensel og palett | Ola Holen | Fronsbygdin 2016 | På dei 40 åra som har gått sidan Vinstra målarklubb vart stifta, har medlemene måla nesten 3000 bilde. Over 50 personar har vore innom klubben som har hatt mange utstillingar på Vinstra. |
| 110 år sidan kroningsferda | Gard Espeland | Fronsbygdin 2016 | Korkje før eller seinare har det vore så mange folk på stasjonane i Fron som da den unge kong Haakon, dronning Maud og vesle kronpris Olav reiste gjennom Dalen med tog den 14.juni 1906. |
| Eit langt liv i kamp for fråhaldssaka | Ole Chr. Risdal | Fronsbygdin 2016 | Eit breitt samfunnsengasjement der opplysningsarbeid mot alkohol var viktig, kom til å bli eit vesentleg innhald i livet til Jens Risdal (1914-2000). Han var også aktiv i Gudbrandsdalslaget i Oslo. |
| Livet i og rundt Furulund på Sjoa | Kjell M. Resset | Fronsbygdin 2016 | Lenge før dei kommunale kulturhusa vart bygd, var ungdomshusa fleirbrukshus, som Furulund på Sjoa. Her kunne livet til folk falde seg ut både innanfor og utanfor veggene, og det kunne gå vilt for seg iblant. |
| Da Edvard Munch gjekk gjennom Fron | Johan Storm Munch | Fronsbygdin 2016 | Da Edvard Munch var på veg til Vågå i juli 1985, gjekk han gjennom Fronsbygdene. Han brukte ruta til fjells som var mest vanleg vegen før jernbanen laga heilt nye reiseruter. |
| Da det kom ein svensk sjarmør til Lo | Tone Anitra Kvernstuen | Fronsbygdin 2016 | I 1895 kom det ein svensk ungkar til garden Lo på Vinstra. Her vart han kjærast med tenestejenta Karoline Henriksdatter. Etter at dei hadde gifta seg og fått eit barn, drog dei frå bygda – det enda dramatisk. |
| Med lang fartstid i butikk | Asbjørn Moen fortel | Fronsbygdin 2016 | I nesten 50 år arbeidde Asbjørn Moen i butikk – dei fleste åra på Samvirkelaget på Sør-Fron. Han følgde utviklinga frå den tida da sirupen vart tappa frå tønner til skanning og strekkodar. |
| Også sorenskrivaren samla ord og namn | Gard Espeland | Fronsbygdin 2016 | Sorenskrivar John Randklev på Hundorp var interessert i dialekt og lokale namn. Alt før dei store forskarane tok til å interessere seg for lokale målføre, tok han til å noterer ord og namn frå Gudbrandsdalen. |
| Ein svenske vurderer Randklev | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2016 | |
| Komponisten frå Nedregate | Anton Løkken | Fronsbygdin 2017 | Som gutungen lydde Sigurd Berge etter lydane i Laugen. Som vaksen var det lydane i Sula som stimulerte skapartrongen. Mye av musikken han og samtidskomponistane presenterte, var omstridd. |
| Russiske krigsinvalide i Sør-Fron | Eirik Brazier | Fronsbygdin 2017 | Russiske krigsinvalide fra første verdenskrig ble internert på Grytting og heggerud i 1917-1918. Norge stod utenfor krigen, men virkningene av krigen satte sine spor også i våre lokalsamfunn. |
| Betongvareproduksjon i Nord-Fron | Gard Espeland | Fronsbygdin 2017 | I 1953 begynte brørne Lund å produsere betongvarer på Sjoa. I 1966 flytta bedrifta til Lomoen. Nå blir det ikkje produsert betongvarer på Vinstra lenger, men familien Lund er framleis i bransjen. |
| Kolgroper og fangstgr | Arne Skuterud | Fronsbygdin 2017 | I Lomoen og Rustmoen er det registrert om lag 100 kolgroper og fangstgroper. 60 av desse er undersøkt meir grundig ved arkeologiske utgravingar, og 23 er verna. Gropene er truleg 1000 til 3000 år gamle. |
| Nykonfirmert og underbudeie | Maria Skindehaugen fortel | Fronsbygdin 2017 | Som nykonfirmert tok Maria Skindehaugen arbeid som underbudeie på ein gard i Sødorp. 80 år gammal vart ho intervjua om dette. Ho fortel om livet på setra og om korleis det var å bu i fjøset om vinteren. |
| Fyrste hopprennet mitt i Børebakken | Ola Holen | Fronsbygdin 2017 | Den 15.februar 1948 vart det arrangert eit stort hopprenn i Børrebakken på Sør-Fron. Frå Dombås kom det fleire gutar med godstog for å delta. Torget var forseinka, og dei måtte skunde seg over isen for å kome fram. |
| Husmannsbruk under Nordgard Rolstad | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2017 | I 1723 hadde Nordgard Rolstad ein husmann. I 1865 var det seks. Alle låg på baksida i «Rolstadlia». Sidan 1738 har garden vore kalla Fautgarden etter futen Pram som åtte garden fram til 1776. |
| Sør-Fron på tvers | Trond Halle | Fronsbygdin 2017 | Frå Straumbu i aust til Marsteinhøgda i vest strekkjer Sør-Fron kommune seg på tvers av dalen, åtte mil i luftline. Det tok meg seg dagar å gå denne strekninga, frå grensa mot Folldal til grensa mot Øystre Slidre. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Spennande metallfunn i Sødorp | Tormod Bråten | Fronsbygdin 2017 | Nær sagt over alt i bakken under oss ligg det ting frå tidlegare tider som vi kan finne med ein metallsøkar. Her er eit lite utval av slikt som er å finne på Kvam og i Sødorp dei siste åra. |
| Sør-Fron bibliotek 150 år | Marit Kamp Lie | Fronsbygdin 2017 | Det fyrste forsøket på å få til eit bibliotek i Sør-Fron vart gjort alt i 1830, men fyrst i 1867 kom det ei «Almueboksamling». Dei fyrste 20 åra var landhandlar Thor Alme bibliotekar. |
| Boklånet i Lia | Gard Espeland | Fronsbygdin 2017 | Folkeboksamlinga – boklånet – var det viktigaste, faste kulturelle tilbodet i kvardagen. Da vart dei to låste skåpa i Veslesalen i Avholdshuset låste opp, og ein kunne skaffe seg lesestoff for heile veka. |
| Frå dei fyrste åra på ungdomsskulen | Kåre Sveinhaug | Fronsbygdin 2017 | Alt i 1959 fekk Sør-Fron kommune ungdomsskule. Og ikkje berre var det den fyrste ungdomsskulen i Gudbransdsdalen, men ein av pionerskulane av dette slaget i heile landet. Det inspirerte både lærarar og elevar. |
| Spelmannen Iver Storodden | Rasmus Kjorstad | Fronsbygdin 2017 | Ein sein haustkveld i 1896 skreiv den svenske folkemusikkforskaren Einar Övergaard ned 21 springleikar som Iver Storodden spelte. Det måtte gjerast i det stille for ikkje å vekkje dei andre gjestene på Byre. |
| Daglegliv på Veikle | Gudrun Lunde fortel til Kjartan Ruset | Fronsbygdin 2017 | I 1932 kjøpte Nord-Fron kommune Veikle i Kvam, og gjorde garden om til aldersheim. Gudrun Lunde vart tilsett som pleiar på Veikle frå 1953 til alle bebuarane vart overført til den nye aldersheimen Sundheim i 1962. |
| Historia om bruka i Skar | Palmer Skar, Anders Nustad og Kristen Brendhaugen | Fronsbygdin 2017 | |
| Frå dagleglivet i Skar | | Fronsbygdin 2017 | 600 meter over havet ligg dei tre bruka i Skar. Fleire generasjonar livnærde seg her, og eit lite samfunn voks fram. I dag er bruka eit turmål, og mykje er gjort for å halde historia levande om dei som budde her. |
| Vakre steingjerder av Rasmus Stauri | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2017 | |
| Namna på dei ulike delane av hestselaen | | Fronsbygdin 2017 | |
| Spanskesjuka i Fron 1918-1919 | Sigurd Grytting | Fronsbygdin 2018 | For hundre år sidan vart Fron, som resten av verda, ramma av spanskesjuka. Årsaka var ein virusinfeksjon med influensavirus type A. Meir enn 50 millionar menneske døydde under denne pandemien. |
| Seterliv på Gålå for 100 år siden | Adolf Tagestad | Fronsbygdin 2018 | For 100 år siden var det full drift på setrene på Gålå. Men også turistene hadde meldt sin interesse – stort sett til glede for lokalbefolkningen. Først i 1935 kom melkebilen. |
| Rønn, Barlund og Njoe | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2018 | Mange av husmannsplassane på Baksida i Sør-Fron låg under gardar på Solsida. Men det var også gardar på Baksida som hadde eigne husmenn slik som Rønn og Barlund. |
| Skihopping i Sødorp 1896 – 1946 | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2018 | I Sødorp har det vore arrangert konkurransar i skihopp på Toksejordet, i Brandvoldbakken og i Bragebakken. Det fyrste rennet var alt i 1896. Petter Kongsli hadde da lengste hopp med 15 meter. |
| Barndomsminne frå Elvenes i Skåbu | Olaug Askheim Aas | Fronsbygdin 2018 | Fram til 1938 var det ikkje bilveg til Allmenningssaga i Skåbu. Her budde familien Askheim frå 1922 til 1948. Straum fekk dei fyrst i 1947. Da Olstappen skulle demmast opp, måtte saga og hus flyttast. |
| Ludvig Holberg i Fron | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2018 | Frå 1696 til 1698 budde Ludvig Holberg på Prestegarden i Fron. I dag er det ingen konkrete minne etter han i bygda, men opphaldet i Fron sette spor i forfattarskapen hans. |
| Husmannskontrakt frå 1897 | Åge Jevne Hagestuen | Fronsbygdin 2018 | For å bygsle eit husmannsbruk måtte husmannen arbeide seks veker på garden, skjere åtte  mål åker, og gje føråd til den tidlegare husmannen. Tok han arbeid utanom bruket, hadde garden fyrsterett på arbeidet hans. |
| Dragdokka gav eigaren rikdom | Anders Haugen | Fronsbygdin 2018 | På garden til Anders Haugen i Rusen står det eit skåp der ei dragdokke heldt til i den midterste skuffa. Ho måtte få ein ny silkekjole til jul kvart år, og eigaren måtte kvitte seg med henne før han døydde. |
| Framleis finn vi minne etter hesten | Gard Espeland | Fronsbygdin 2018 | Den som har augo med seg, kan ennå finne små minne etter hesten – frå den gongen hestane utførte det meste av transporten etter vegane, og ein hest med kjerre eller slede var eit heilt vanleg syn. |
| Da alle leigde fryseboks på butikken | Tine Elisabeth Slang | Fronsbygdin 2018 | Frå sist i 1950-åra og 30 år framover var det på det meste seks fryseboksanlegg ved butikkane i Sør-Fron. Så kom heimefrysarane, og i dag er desse fryseria avvikla. |
| Kosmopolitten Johan Sørensen | Knut Aukrust | Fronsbygdin 2018 | Grosserer Johan Sørensen bygde både sanatoriet på Tofte og sanatoriet på Lauvåsen. Han kjøpte også flere garder. Før han kom til Sør-Fron hadde han drevet omfattende forretningsvirksomhet i Spania. |
| Korndyrking, trysking og mølletur | Kristen Brendhaugen | Fronsbygdin 2018 | Det var stor ståhei i nordre del av Skurdalsgrenda når det var tid for trysking. Det skulle til eit rimeleg stort arbeidslag. Når det vart sledeføre, vart kornet kjørt til mølla i Loholet – der det også var kafé. |
| Vinje møter fronspresten Winsnes | Kjartan Ruset | Fronsbygdin 2018 | I 1860 gjekk Aasmund Olavsson Vinje gjennom Fron. Her møtte han mellom andre fronspresten Winsnes og den pietistiske svigersonen hans. Dette fortel han om i boka *Ferdaminni frå sumaren 1860*. |
| Fron-Atndal bygdealmenning | Jon Bergdal | Fronsbygdin 2018 | Til alle tider har fröningane jakta, fiska og hamna i Atndalen. I 1795 kjøpte tre sør-frøningar allmenningen som da gjekk over frå å vera statsallmenning til bygdeallmenning. Det har ofte vore strid om bruksrettane. |
| Søre- og Nørdre Skaret i Sødorp | Ole Christian Risdal | Fronsbygdin 2018 | I Sødorp låg det tidlegare to heimar, Nørdre og Søre Skaret. I dag er dei båe innlemma i Nedre Gråsletta, tidlegare kalla Turtorp – eit namn ingen lenger hugsar kva kom av. |
| Givervolden i Sorperoa – småbruket som forsvant | Tor Larsen | Fronsbygdin 2018 | Nå er garden Givervolden i Sorperoa jamna med orda og borte for alltid. Og Sorperoa er ikkje lenger en liten repp attmed Li og Lo, men nærmest som en liten bygdeby å regne. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Da stalldøra ble revet av hengslene | Eivind Holen | Fronsbygdin 2018 | Mange kan oppleve noe de ikke finne forklaring på. Slike hendelser blir ofte husket og fortalt i lang tid. Her er noen historier fra Søre Eldåa, Standarstulen og fra Øverbygda på Sør-Fron. |
| 30-års vennskap Nord-Fron – Richmond | Arne Skuterud | Fronsbygdin 2018 | I 1940 deltok soldatar frå North Yorkshire i kampane i Gudbrandsdalen. Eitt av regimenta dei kom frå hadde seinare base ved byen Richmond. Dette er bakgrunnen for at Nord-Fron har Richmond som vennskapsby. |
| Der jula begynte ein time for tidleg | Oddgeir Bruaset | Fronsbygdin 2018 | Var det for at kyrkjetenaren skulle få kome seg heim i rimeleg tid julekvelden at jula vart ringt inn ein time tidlegare i Kvikne enn andre stader i landet? Ordninga vara heilt til 1992. |
| Pensjonatet hennar Borghild | Fride Gunn Rudi | Fronsbygdin 2018 | Rundt 1960 bygde Borghild Bjørke eit pensjonat i Øverbygda på Sør-Fron som ho kalla Åshaug. Det hadde fire soverom og plass til seks gjester. Ho dreiv pensjonatet fram til 1982. |
| Fron kvinneforum – mangfald i 30 år | Turid Kleiva | Fronsbygdin 2018 | På Vinstra har det vore tradisjon å markere kvinnedagen frå tidleg i 1970-åra, men fyrst i 1988 vart Fron kvinneforum grunnlagt. Det er ein heilt frittståande organisasjon. |
| Reindrifter gjennom Sør-Fron | Gard Espeland | Fronsbygdin 2018 | |
| Etternamn og slektsnamn | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2018 | Fyrst i 1923 fekk Noreg ei namnelov som kravde at alle skulle ha faste og arvelege etternamn, altså slektsnamn, og at desse skulle ha ein fast skrivemåte. |
| Slik laga Margit ost på setra | Anton Løkken | Fronsbygdin 2018 | |
| Sigvart Gimse og Facebook | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2018 | |
| Motstandsmannen Hans Skriubakken | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2019 | Hans Skriubakken kom med i motstandsarbeidet i 1941. Frå hausten 1944 låg Milorgs distriktsleiing skjult i Hiet i Ulbergsmorka. Berre Hans visste kvar dei var. I Hiet hadde dei radiosamband med England. |
| Oppvekst i Øverbygda i 1960-åra | Fride Gunn Rudi | Fronsbygdin 2019 | I 1960-åra hadde mange frøningar framleis ein gris eller nokre høner sjølv om dei ikkje hadde gard. Og ofte var barna med i arbeidet slik dei hadde vore i generasjonar. |
| Lange svev i Brakjebakken | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2019 | I 1946 vart tradisjonen med «Vinstrarennet» i Brakjebakken teken opp att. Etter at bakken vart utbetra og utvida, vart det hoppa over 50 meter, med bakkerekord på 55 m i 1974. I 1989 vart stilaset teke ned. |
| Rønnshaugane – plassane under Rønn | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2019 | Truleg har det vore i alt tolv husmannsplassar under nørdre og søre Rønn. Her er historia om Rønnsbakken, Rønshaugen, Erlandshaugen, Brennlykja, Knappen og Gutu. |
| Høgfjellskonserten ved Rondane | Vidar Olaussen | Fronsbygdin 2019 | Å utnytte fjellområda våre til spektakulære konsertopplevingar kan i ettertid synast sjølvsagt, men i utgangspunktet var ikkje det ein strategi alle kunne slutte seg til. Men alt fyrste året vart konserten ein suksess. |
| Ein minnerik tur til Otta (skulestil) | | Fronsbygdin 2019 | Ein gong tidleg på 1900-talet reiste Marit Dalseg (1891-1970) til Otta med toget samen med mor, far og tanta i. Ho fortel entusiastisk om reisa i ein skulestil som ho fekk «meget godt pluss» på. |
| Hels utvandrarane frå meg! | Per Åsmundstad | Fronsbygdin 2019 | Kvikne-Skåbu var den delen av Nord-Fron som hadde flest utvandra til Amerika i 1850-1910. Toppåret var 1870, da 85 reiste. Det kunne vere tungt at leikekameratar og slektningar var borte for alltid. |
| Gjensyn med Kvarvet etter 46 år | Steinar Morken | Fronsbygdin 2019 | Etter kampane ved Tretten i april 1940 og forvirringen som oppsto, rømte mange engelske soldater over fjellet på østsiden av dalen for å nå igjen avdelingene sine. En av dem var R.G.Coleman. |
| Barndomsminne frå Søre Eldåsetra | Johan Dalseg | Fronsbygdin 2019 | For ein storfiskar på fem år var det så stort å få fisk at han måtte ha fangsten sin på ein asjett ved sida av senga om natta. Men det er også farleg å fiske for ein som er så liten. |
| Da Ole J. Hovden bora etter vatn | Jan Hovden | Fronsbygdin 2019 | I 1953 tok Ole J. Hovden til å bore etter vatn med ei enkel støtboremaskin. Behovet for vatn var stort, og det var ikkje nødvendig å bruke eitt øre til marknadsføring. Etter kvart vart teknologien avansert. |
| Krupp og syerskene på Hera i Lia | Carl Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2019 | Hera fabrikker i Lia var lenge den største industriarbeidsplassen i Sør-Fron med opptil 200 på lønningslista – dei fleste kvinner. Eigaren, Israel Krupp, sette spor etter seg i bygda. |
| Fra flykning til kurér | Jødisk museum i Oslo | Fronsbygdin 2019 | |
| Oppvekst på Nordgard Tåkåstad | Anton Tagestad | Fronsbygdin 2019 | I 1920 vart Anton Tagestad født på Nordgard Tåkåstad. Han budde han til familien flyta på på Kilsetra som bureisar i 1935. Det var ei overgangstid frå det gamle bondesamfunnet til moderne landbruk. |
| Dei passa sjukekassa i Nord-Fron | Nora Stormyrbakken og Tor Larsen | Fronsbygdin 2019 | Mellom 1912 og 1952 styrde far og son Ole og Olav Larsen i Sorperoa kretssjukekassa i Npod-Fron. Dei passa på at alle – også lækjarane – heldt seg til reglane. |
| Spelmannen Jonas Dokken | Johan Dalseg | Fronsbygdin 2019 | Spelmannen Jonas Dokken var ein av dei mest namngjetne spelmennene i Sør-Fron. Men han var også ein allsidig handverkar, ein ivrig fiskar og ein slitande god forteljar. |
| «Utta lina» på Vinstra | Trygve Sundt | Fronsbygdin 2019 | Området «Utta lina» var ein viktig del av tettstaden Vinstra. Her låg Byre gard, Ysteriet og Bøndernes hus, og her kunne sirkusa slå opp telta sine. El-verket har teke over ein stor del av området. |
| DNT-hytta som vart liggjande feil – Anders Hage fortel til Carl Henrik Grøndahl | Anders Hage fortel til Carl Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2019 | Skriurusten i Langsudalen heilt vest i Søt-Fron er DNT-hytta som ikkje ligg der ho eigentleg skulle ha vore. Dei gav opp, rett og slett, å få ho heilt fram, dei som skulle flytte ho. |
| Vandring i Nygaards komposisjonsrike | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2019 | I år er det 100 år sidan spelmannen, musikaren og komponisten Oddvar Nygaard vart født, 23.juli 1919. Han brukte dølakulturen som grunnlag for det han skapte. |
| Jordmor på Nord-Fron i 46 år | Bjarne Øygarden | Fronsbygdin 2019 | Ingeborg Jacobsen var jordmor på Nord-Fron frå 1922 til 1968. Frå 1948 til 1955 hadde ho fødestove heime hos seg sjølv. Ho mista mannen sin da ho berre var 30 år gammal. |
| Siste turen med hest? | | Fronsbygdin 2019 | |
| 75 år sidan fredsvåren 1945 | Per Gunnar Hagelien | Fronsbygdin 2020 | Freden i 1945 etter fem års okkupasjon vart markert både lokalt og nasjonalt, og spesielt i Kvam, der kampane i april 1940 var harde. Gudbrandsdal krigsminnesamling stod sentralt i denne markeringa. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Den 8.mai bråkå det laus Helga Stormorken fortel til Rasmus Stauri | Helga Stormorken fortel til Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2020 | Dei fyrste flagga gjekk til topps alt om ettermiddag den 7.mai 1945. Det fortel Helga Stormorken som var 11 år da krigen kom, og 16 da han var over. |
| Tradisjonsrik setring i Søre Eldåa | Aud Bjørke og Mari Bjørke | Fronsbygdin 2020 | På Bjørkesetra i Sør- Eldåa er det framleis levande geranium i vindauga om sommaren – kanskje det fremste teiknet på at budeia er på setra. Truleg er setringa her ein ubroten tradisjon sidan 1722. |
| Husmannsbruk under Søre Rønn | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2020 | Under Søre Rønn – seinare Barlund – låg husmannsplassane Brenna, Opphaug, Murastugu og Skriubakken. Av Murastugu er knapt noko att. |
| Skilaget Fart i Nedre Sødorp | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2020 | Fyrste hopprennet til Fart skilag var i Sørnshaugen på jordet til Sygard Brandvol i 1947. Rundt 1960 dabba aktiviteten av, og det vart ikkje fleire skirenn før barna prøvde å få liv i laget att i 1986. |
| Da eg datt ned i kloakkummen | Åge Jevne Hagestuen | Fronsbygdin 2020 | For at ungane skulle halde seg unna farlege brunnar og brunnlokk, vart dei truga  med Brunntore. Akkurat denne dagen var visst Brunntore på butikken og derfor gjekk det godt. |
| Bautasteinen i Atnadalen | Eivind Holen | Fronsbygdin 2020 | Ved gangbrua over Atna står det en bautastein som forteller at det var her Per Gynt trefte Bøygen. Steinen ble opprinnelig reist på Buvollen ved Atnsjøen. |
| Gå utenom | redaksjonen | Fronsbygdin 2020 | |
| Året rundt på Tåkåstad | Anton Tagestad | Fronsbygdin 2020 | På gardane var det fast mønster på kva som skulle gjøre gjennom året. I stor grad var dette styrt av årstidene. Men alt ikke bare arbeid. Det var også plass til glede og fest innimellom. |
| Enkemannen fra Finmarken | Dag Bjørnar Mork | Fronsbygdin 2020 | I 1790-årene reiste Peder Engebretsen fra Fron nordover for å finne lykken. Han reiste først til Trondheim, og så videre til Øksnes i Vesterålen og Bjarkøy i Troms – før han reiste tilbake til Fron. |
| Da kongehaugen braut i hop | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2020 | Den 2. juni var 1959 braut kongehaugen på Hundorp i hop. To år etter var han ferdig restaurert av lokale krefter. Denne største haugen er truleg frå jernalderen. |
| Bakere i Kvam | Per Fredriksen | Fronsbygdin 2020 | Veikleaaens Handelssted – Sletten Landhandleri i Kvam – hadde tidligere eget bakeri. I 15 år hadde også Ola Ødegården bakeri i Kvam før ha tok over bakeriet etter svigerfaren på Vinstra. |
| Politisoldat fra Vinstra | Tor Larsen | Fronsbygdin 2020 | Kåre Berg fra Vinstra rømte til Sverige i januar 1945. Her fikk han opplæring som politisoldat. Han kom hjem til Norge i mai med hjelm, gevær og kornett – i musikkorpset til de norske styrkene. |
| Ut på ski på Harpefoss | Trond Halle | Fronsbygdin 2020 | I 50- og 60-åra var det hoppbakkar og skibakkar på kvart eit jorde. Og det var guteklubbar i nesten kvar ein repp. Ungdomslaget Solglytt på Harpefoss arrangerte renn med start og mål på Nigardsjordet. |
| Den fyrste organisten i Sør-Fron | Tom Willy Rustad | Fronsbygdin 2020 | I 1792 reiste Ole Olsen Koppang med hest og kjerre frå Koppang til Fron. Med seg på flyttelasset han han eit orgel han hadde kjøpt for 340 riksdalar. Han hadde fått fast arbeid som organist i den nye kyrkja. |
| Vakre, ville Augldalen | Anders Nustad og Kristen Brendhaugen | Fronsbygdin 2020 | I det ville og fascinerande naturreservatet Augldalen på Sør-Fron kan vi finne uvanlege planter. Nå er alt tilrettelagt med stigar og bruer slik at det er råd å kome seg ned i den tronge dalen. |
| Da Krupp bygde på Tofte under krigen | Carl Henrik Grøndahl | Fronsbygdin 2020 | opp ein arkitektteikna direktørbustad ved det nedbrende Tofte Turisthotell. Her bygde underleg nok Krupp sitt nye hovdingsete under krigen. |
| Jegerne ved Olstappen | Jostein Bergstøl og Elle Kathrine Friis | Fronsbygdin 2020 | De eldste sporene etter mennesker ved Olstappen i Skåbu er 10 000 år gamle. Ingen andre steder i innlandet i Norge er det funnet så gamle spor etter elgjegere. Nye arkeologiske undersøkelser viser dette. |
| Hellemaleriene i Espedalen | Henriette Asen | Fronsbygdin 2020 | Høsten 2018 ble det funnet 4-6000 år gamle malerier på en bergvegg i Espedalen. De forestiller trolig fem elger, en bjørn og et menneske. Det er det første hellemaleriet som er funnet i innlandet i Norge. |
| Bessfar Sveinsson i Nørdre Lia | Torstein Rudihagen | Fronsbygdin 2020 | I over 30 år budde Iver Hovdlistuen – bessfar Sveinsson – åleine i ei lita bakhonkledd hytte øvst i Nørdre Lia i Sør-Fron på grensa mellom bygda og fjellet. Kona Pauline budde på eit bruk lenger nede. |
| Knut Holmen og fuglekassene hans | Knut Holmen | Fronsbygdin 2020 | Tolv år gammal sete Knut Holmen ut dei fyrste fuglekassene på Harpefoss i 1970. Sidan har han inspisert dei minst to gonger kvart år. Nå har han 600 fuglekasser i Fron og Trøndelag. |
| Fron historielag held historia levande | Ole Christian Risdal | Fronsbygdin 2020 | |
| Arkeologien i Fron | Andreas Ropeid Sæbø og Ingar Mørkestøl Gundersen | Fronsbygdin 2021 | Dei siste 25 åra er det gjort fleire arkeologiske utgravingar i Fron. Difor veit vi mykje om korleis livet var i bygda i delar av forhistoria. Ein stor flaum og mange flaumskred endre vilkåra for bøndene. |
| Stauri og det Hundorp han skapte | Kjartan Ruset | Fronsbygdin 2021 | I 1915 flytta Rasmus Stauri d.e. folkehøgskulen frå Vik i Kvam til Hundorp. I 1921 vart kristningsjubiléet arrangert på den historiske til bureiserne, men rammene |
| Kanskje den største folkeforsamlinga nokon gong i Gudbrandsdalen | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2021 | |
| Ein utflytta frøning på folkefest | Redvald Larssen | Fronsbygdin 2021 | |
| Tusenårsfesten | redaksjonen | Fronsbygdin 2021 | |
| Plassane under Nordgard Grytting | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2021 | Under Nordgard Grytting låg husmannsplassane Skreddarlia, Grindhaugen, Kjørsteson, Kong, Bekken og Gryttingshaugen. Gryttingshaugen var den einaste som låg på austsida av dalen |
| Kilesetra som ble Killand | Anton Tagestad | Fronsbygdin 2021 | Ett av fleire bureisningsbruk som ble etablert i Fron i 1930-åra var Killand på Sør-Fron. Før hadde det vært «hemseter» for Nordgard Tåkåstad. Staten ga økonomisk støtte til bureiserne, men rammene var trange. |
| Bernhard Jacobsen – «eit friskt vêr stod det alltid ikring honom» | Bjarne Øygarden | Fronsbygdin 2021 | I USA møtte Bernhard Jacobsen Rønnaug Kongslibakken frå Kvikne. Dei so seg ned i Nord-Fron der Bernhard engasjerte seg politisk. Da Rønnaug døydde, gifta han seg med Ingeborg Vike, og tok henne med til Fron. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tjyruvadrennet i Øvre Sødorp | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2021 | Fyrste avisomtala av skirenn i Tjyruvadet er frå 1928 med Øverbygdens skilag som arrangør. Vinstra sportsklubb, Sødorp småbrukerlag og Vinstra ungdomslag har òg arrangert «Nord-Frons Holmenkolldag» der. |
| Han bygget hytter, hus og hotell | Hans J. Haverstad | Fronsbygdin 2021 | Hans J. Haverstad (1872-1952) var byggmester og gardbruker i Lia på Sør-Fron. Han bygde mange store hus i Midt-Gudbrandsdal. På sine eldre dagfrå steinalderen. Her har det også bore jernutvinning, gruvedrift og andre utmarksnæringar. Det er mange por etter folk.er skrev han ned livshistoria si. |
| Prosten Hjorthøy og Fron | Ragnvald Lien | Fronsbygdin 2021 | Hugo Fredrik Hjorthøy var prost i Gudbrandsdalen (1774-1783) og kjent topografisk forfattar med sin «Beskrivelse over Gudbrandsdalens Prostie». Han oppretta det fyrste kornmagasinet i dalen. |
| Husmannsslekta på Forresveen | Dag Bjørnar Mork | Fronsbygdin 2021 | Kva kom dei alle frå, alle husmennene med familiar, og kva vart dei av? I dag er mange av oss etterkommarar etter husmenn. Her følgjer vi husmannsslekta på Forresveen i Søre Lia i Sør-Fron. |
| Ei fråflytta grend i Kviknebaksida | Anders Haugen | Fronsbygdin 2021 | På baksida i Kvikne låg det tidlegare mange små plassar. Den store auken i folketalet gjorde at nokre flytta til denne bratte, steinfulle, frostlendte og lite solfylte baksida. I dag er alle desse plassane fråflytta. |
| På vandring  i Børkdalsfjellet | Trond Halle | Fronsbygdin 2021 | I Børkdalsfjellet har frøningar jakta og fiska i generasjonar – heilt frå steinalderen. Her har det også vore jernutvinning, gruvedrift og andre utmarksnæringar. Det er mange spor etter folk. |
| Fredlaus i Fron i 1613 | Ola I. Breivega | Fronsbygdin 2021 | Ikkje alle aksepterte dei nye tankane som kom med reformasjonen i 1636-1537. Også prestar hadde vanskar med å godta den nye trua – kanskje også presten i Fron. Dette skriv Ola I. Breivega om i ein roman. |
| Steinbua i Langvassdalen | Kristen Brendhaugen | Fronsbygdin 2021 | |
| Soga om bua frå Buom | Olaug Askheim Aas | Fronsbygdin 2021 | |
| Hundorp – var det der trælane budde? | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2021 | Kva tyder namnet Hundorp, og kor gammalt er det? Som ved så mange andre namn, er teoriane fleire, og dei har skifta gjennom tidene. Det same gjeld gardsnamnet Hove. Kan det da tyde noko anna enn gudehov? |
| Kamp for livet på Sødorpfjellet | Åge Jevne Hagestuen | Fronsbygdin 2021 | Den 17.januar 1936 var 18 karar og 19 hestar nær ved å setje livet til på Sødorpfjellet. Dei skulle kjøre opp vintervegen for å kunne hente heim høy og ved frå seterstulane, men dei møtte eit forferdeleg uvêr. |
| Minneord om Vegar Skar (1945-2021) | redaksjonen v/ Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2021 | |
| Forfattaren på Koltjønnhaugen | Åge Jevne Hagestuen | Fronsbygdin 2022 | I ei hytte på Pinsetra ved Koltjønnaugen på Sødorpkjølen skreiv forfattaren Anka Borch mange bøker der handlinga er lagt til området. Også personar som levde på seterstulen dukkar opp i bøkene hennar. |
| Turisme og setring i Dalseg-Eldåa | Aud Bjørke og Mari Bjørke | Fronsbygdin 2022 | Alt før 1900 vart Eldå-setrene nytta av byfolk på jakt. Seinare vart Dalseg-Eldåa bygd ut til å ta imot turistar. Det skal også ha vore eit barnepensjonat her – langt inne på fjellet – på slutten av 1800-talet. |
| Gamalapalen på Øvre Sandbakken | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2022 | Peder Olsen Bandvold (1828-1892) gjorde mykje for å innføre fruktdyrking i Fronsbygdene. Han hadde planteskule, og da skulen var på sitt beste, vart det seld 300 frukttre for året. |
| På «omgangsskule» i Nerbygda | Ole Widme | Fronsbygdin 2022 | Det var ikke plass til de store barnekullene i de små grendeskolene i Sør-Fron etter krigen. I Nerbygda måtte derfor noen klasser holde til på Oden og Jørstad. Først høsten 1961 var den nye Midtbygda skule helt ferdig. |
| «Kvekt på Fossa e helgen!» | Per Tofte | Fronsbygdin 2022 | På Fokelts hus på Fossa, i Avholdshuset i Lia og på «Komuna» var det store dansefestar. Ofte kunne det bli riktig kvekt. Alt som hadde skjedd, vart nøye vurdert da kvardagen kom. |
| På Gålå – 40 år etter | Dag Kongsvik | Fronsbygdin 2022 | Gjennom 130år har Gålå gått fra å være en seterstul til eit turistområde. Lenge levde seterdrift og turismen parallelt. Men selv om den tradisjonelle seterdrifta nå er borte, blir kveene holdt i hevd og brukt. |
| Klokkespelet i Søt-Fron kyrkje | Øystein Hov | Fronsbygdin 2022 | I 1956 fekk Sør-Fron kyrkje eit elektronisk klokkespel i gåve av norskamerikanaren Andrew Melgard. I nesten 20 år spela det salmar og songar. Nå er eit nytt klokkespel planlagt ved kyrkja. |
| Den omskriftande historia til Sofienberg | Gard Espeland | Fronsbygdin 2022 | Rundt 1850 bygde pastor Frederik Galschjøtt «den fine og dyre» heimen Sofienberg på Sør-Fron. Staden har seinare vore brukt til sommarhotell pensjonat, kurheim, badesanatorium og privatbustad. |
| Husmannsbruk under Sygard Grytting | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2022 | I 1865 var det seks husmannsplassar under Sygard Grytting: Morka, Håmåren, Jørn, Jakop, Østen og Lurhaugen. Det har òg funnest ein eller to plassar som vart skrive «Gryttingsødegaarden». |
| Bussrutene til Espedalen og Skåbu | Thor Bjerke | Fronsbygdin 2022 | I 1950 var veien gjennom Gausdal til Skåbu ferdig. Samme år fikk Gausdal bilselskap (GB) konsesjon på en bussrute på denne strekningen. I 1955 overtok GB et rutebilselskap som var eid av Skåbu Samvirkelag. |
| Da Øverbygda fekk guttemusikk | Asbjørn Ringen | Fronsbygdin 2022 | Øverbygda guttemusikk vart stifta i 1952. Fram til 1965 eksisterte laget side om side med Hundorp guttemusikk. Laga gjekk da saman under namnet Sør-Fron guttemusikk. I 1968 vart namnet Sør-Fron skulemusikk. |
| Hekseprosessene i Fron | Tore Fevolden | Fronsbygdin 2022 | Bare i de tre årene 1619,1620 og 1621 var det sju hekseprosesser i Fron, og fire kvinner ble brent på bålet. Ingen andre bygder i Gudbrandsdalen hadde så mange prosesser om trolldom. |
| Da trimmen kom til Fron | Tine Elisabeth Slang | Fronsbygdin 2022 | På slutten av 1960-åra dukka det opp eit nytt ord også i Fron – trim. Arbeidsdagen hadde vorte for roleg, og nå skulle det trenast, bøyast og strekkjast. For trimgenerasjonen vart det nær sagt ein livsstil. |
| Heile Ruste stod bak seks seterstemne | Ole Magnus Røen | Fronsbygdin 2022 | Frå 1962 og utover vart det arrangert seks seterstemne ved Vollsvatnet mellom Gålå og Fefor. Heile granda var med, og overskotet gjekk til Ruste bygdahus som stod ferdig i 1965. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Den fyrste kvinnelege æresmedlemmen | Geir Teigøyen | Fronsbygdin 2022 | Ragnhild Kjorstad har lagt ned mykje arbeid for Fron historielag. Ho sat i styret frå 1976 til 1991, og ho var den fyrste kvinna som vart utnemnd til æresmedlem. Ho har hjelp mange med slektsgransking. |
| «Korleis freistar dei i vår tid å arbeida mot lungetæringa?» | Bersvein Bjørke | Fronsbygdin 2022 | |
| Jernbanebrua ved Solbrå | redaksjonen | Fronsbygdin 2022 | |
| ...sa´n Albert Lisbetstugun | Gard Espeland | Fronsbygdin 2022 | |
| Patriarken på Glasmestermoa | Asbjørn Myrvang | Fronsbygdin 2022 | |
| Han laga høypresser til heile landet | Åge Jevne Hagestuen | Fronsbygdin 2023 | Mathias Skar konstruerte og produserte høypressa Letvint som han selde til heile landet i mange hundre eksemplar. Han laga også sloddar, annan reiskap og møblar i verkstaden på Nigard Skoe. |
| Liv og lagnad i Øyakleiva i Sødorp | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2023 | Øyakleiva i Sødorp er ein av dei mange heimane i Fron der det ikkje lenger bur folk. Men ein gong budde det familiar med mange barn der – og med Skar som næraste nabo på andre sida av kommunegrensa. |
| Farvel, Prins Carls veg! | Dag Kongsvik | Fronsbygdin 2023 | I 1896 fekk den populære svensk-norske prinsen Carl vegen til utsiktstårnet på Gålå kalla opp etter seg. Nå er vegen nedbygd med hytter, og eit kulturminne er nesten borte. |
| Det lykkelege paret Kristian og Kristine | Anton Løkken | Fronsbygdin 2023 | Dei budde i ei lita stove utan innlagt vatn. Dei hadde tilbod om å få flytte til Sundheim, «men oss er fornøgde med alt så lenge oss får vera heime, og så lenge oss greier oss sjølv,» sa Kristian. |
| Politiovervaka lærear på ruste skule | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2023 | Birger Bakken var lærar i Ruste frå 1952 til 1958. Fordi han var erklært kommunist, vart han overvaka, og han fekk si eige mappe hos overvakingspolitiet. Han var godt likt av elevane. |
| Han levde litt utanfor folkeskikken | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2023 | Harald Rolstad oppførte seg uvanlieg, ofte også provoserande. I bygda var det delte meinigar om kor mykje vit han hadde, men få andre følgde så godt med i kva som skjedde i landet – og i verda. |
| Husmannsbruk under Suleng | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2023 | Under Suleng, som ein gong var to gardar, låg Søre og Nørdre Sulengshaugen, Holten, Søre og Nørdre Jenshus, Kvernhaugen og Hardvoll. hardvoll forsvann ut av soga ein gong etter 1875. |
| Frå Vinstra til Stange for å gå på skule | Anton Løkken | Fronsbygdin 2023 | I 1938 reiste Åse Haugen fra Vinstra til Stange for å gå på meieriskule. Planen var nok å kome att, men kjærleiken gjorde at ho vart verande der heile livet. Men kontakten med heimbygda braut ho ikkje. |
| Da det budde folk i Augldalen | Jo Dalseg | Fronsbygdin 2023 | Heilt fram til fyrstninga av 1900-talet, budde det folk i den tronge Augldalen, fyrst i eit hus bygd inn til fjellveggen, sidan i ei lita, tømra stove. Her vart det arrangert dans og kortkveldar. |
| Ordkunstnaren frå uppi Nørdre Li´n | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2023 | Framleis lever det replikkar og ord etter Janna Lien. Managt av det ho sa var treffande, og kommentarane hennar kunne ofte au ha ei djupare sanning. Og replikkane kunne vera bitande |
| Da Vinstra fekk ungdomslag | Per Åsmundstad | Fronsbygdin 2023 | Det fyrste ungdomslaget på Vinstra vart skipa i 1894 av sanatoriumeigar og landhandlar Petter E. Olsen. Gode støttespelarar var jernbaneingeniør Wiull og distiktslege Carl Stoltenberg. |
| Bygde føderådsbygning til seks sysken | Sigrid Sveipe Bergseth og Tine Elisabeth Slang | Fronsbygdin 2023 | Før Even Sveipe overlevert garden til brorsonen sin i 1939, hadde han bygd føderådsbygning til seg sjølv og sine fem sysken. To av dei fekk etterkvart hushjelp/pleierske til å stelle for seg. |
| Helgenen Sankt Blasius i Skåbu | Bjørn Loe og Tommy Myran | Fronsbygdin 2023 | På Megarden i Skåbu lå det tidligere en kirke viet til Sankt Blasius. I dag er han mellom mye annet også helgen til for dyrleger. Kirka ble revet før 1781, men fortsatt finnes det minner om den. |
| Ole Paulsen Skabo – den første dyrlegen  fra Skåbu | Bjørn Loe og Tommy Myran | Fronsbygdin 2023 | Ole Palsen Skabo, født i 1875 praktisert som amtsdyrlege i Buskerud. Han mottok sin autorisasjon etter endt veteriærutdannelse i København i 1903. |
| Kultur som næring på Rudi gard | Nina og Øystein Rudi | Fronsbygdin 2023 | Gjennom over 20 år har Nina og Øystein Rudi satsa på kultur som næring på Nedre Rudi gard i Ryssland på Sør-Fron. Omlag 500 konsertar og enda fleire arrangement har det vorte så langt. |
| Også frøninger måtte hylle kongen | Tore Fevolden | Fronsbygdin 2023 | I dansketiden ble norske bønder og lagrettemenn pålagt å hylle den nye kongen ved tronskifter. Både i 1591 og 1610 ble også tolv frøninger utpekt til å være med på dette. De måtte sverge troskap til kongen. |
| Iversen-jentun på harpefoss | Odd Jan Skriubakken | Fronsbygdin 2023 | Iversen-jentene, Anna og Jørgine, var flinke sydamer. Dei budde i Sigurdvegen ved Harpefoss stasjon. Fram til 1941 passa dei to grinder ved jernbaneovergangen som måtte opnast ved kvart tog. |
| De vanskelige 1780- og 1790-årene | Tore Fevolden | Fronsbygdin 2023 | Slutten på 1700-tallet var generelt vanskelige år for Norge. Storofsen gjorde forholdene ekstra vanskelige i Fron. Dødeligheten var høy, og ei enke mistet fem av elleve barn på åtte måneder. |
| Julefeiring i 1960-åra | Brit Skurdal Braastad | Fronsbygdin 2023 | Julefeiringa følgjer faste tradisjonar. Nokre har vi felles, og nokre er spesielle for den enkelte familien. Men også faste tradisjonar endrar seg sakte og sikkert – måltida, festane og gåvene. |
| Vinstrarevyen 40 år | Hildegunn Maria Haanes Ruset | Fronsbygdin 2023 | I 1982 arrangerte ein gjeng «old boys» festar med underhaldning. Dette førte til tankar om også å lage ein revy. Tobben Mathisen, Håkon Sveen og Harald Madshus hadde alle erfaring med revyarbeid frå før. |
| Lokalhistoria i Fron | Redaksjonen | Fronsbygdin 2023 | Kleiven, Hovdhaugen, Øvrelid og Høgåsen er kjende namn som alle har gjeve solide bidrag til lokalhistoria for Fron. Gjennom årboka Fronsbygdin har 200 personar ajouført lokalhistoria og gjeve ho breidde. |
| Hans Løkken – Eit musikalsk liv | Geir Paulsrud | Fronsbygdin 2024 | Vømmøl spellmannslag slo igjennom for 50 år sidan, i 1974, Hans Løkken hadde da i to år samarbeidd med Hans Rotmo, og var ei viktig brikke i suksessen. Musikk var heile livet ein viktig del av livet til Hans. Saman med Trond Halle stod han bak dølarock både som trend og ikkje minst omgrep, nemleg rockemusikk på dølaspråk. Nå er både Trond og Hans borte. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Espedalskyrkja 50 år | Øistein Hov | Fronsbygdin 2024 | Det er gamal kyrkjelyds- og gravferdstradisjon i Espedalen knytt til Verksodden og Gravholmen. Arbeidet med å få byd ny kyrkje og forsamlingslokale der kom i gang midt på 1960-talet.Lokalsamfunnt, hytteeigarane, turistnæringa og kommunane som deler Espedalen, stod saman om planleggingsarbeidet. Det var god støtte frå soknerådet i Sør-Fron og soknepresten der, og frå biskopen i Hamar. I 1973 vart grunnsteinen lagd ned, og alt sommaren året etter sto bygget ferdig. Kyrkja vart vigsla 14. juli 1974. |
| Essdølane og kyrkja | Erling Skurdal og Odd Arild Stubberud | Fronsbygdin 2024 | Behov for og ønskje om eit eige kyrkjehus har som i dei fleste samfunn alltid vore til stades i Essdalen. I ein stutt periode da veket gjekk for fullt på Verksodden (1847-56), hadde dei der lokale som og var brukt til kyrkjelege handlingar. I tida etter det har bygging av ei kyrkje vore diskutert med jamne mellomrom, og gleda var derfor stor hos Essdølane de Espedalen fjellkirke endeleg var ein realitet i 1974. |
| Frå Sjoa til Vancouver, Kanada | Erling Skurdal | Fronsbygdin 2024 | Dei fleste av oss reiser ut verda, stutt og langt, for ei lengre eller stuttare tidsperiode. For Hjørdis Kloppen Stormorken frå Sjoa (91) vart reisa svært lang, både geografisk og i tid. Men minna frå oppvekståra i Gudbrandsdalen er mange, og kunnskapen om folket og det som skjer der i dag er mildt sagt imponerande. |
| Bruene over Laugen i Sør-Fron | Geir Paulsrud | Fronsbygdin 2024 | I Fronsbygdin i år har vi artiklar om både Hundorp bru og Breivegen bru. Her er ei lita utgreiing om bruene over Laugen i Sør-Fron. Harpefoss bru har lege der så lenge vi har oversikt over, medan Harpe bru vart ein del av den nye E6 i 2016. Hundorp og Breivegen vart bygd med vel 50 års mellomrom i det førre århundret, og gjorde at det vart god kommunikasjon mellom Soloida og baksida etter at motorkøyretøy tok over for apostelhestar, ferjer og hestetransport. |
| Hundorpbrua er 100 år | Nils Christian Steig og Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2024 | Å byggje bru er å byggje kontakt. Hundorpbrua har betydd mykje for folk gjennom åra, og gjer det også i 2024. |
| Breivegen bru | Ola Morken | Fronsbygdin 2024 | Ein av dei gamle overfartstadane over Laugen mellom Solsida og Baksida, gjekk om Breivegen. Truleg har staden fått namnet sitt etter denne trafikken. Breivegen bru vart bygd som kompensasjon for utrygg isveg etter vassdragsreguleringa. |
| Krigsseglaren som er gravlagd i Skåbu | agd i Skåbu av Marit Håkenstad | Fronsbygdin 2024 | Vakkert til like ved kyrkjestugu i Skåbu står ei gravstøtte med nemnet Leif Klæboe på. Han var ein krigsseglar frå Finnmark med ei svært dramatisk historie bak seg. Men korleis hadde det seg at han etter krigen hamna i Skåbu og fekk si grav her? |
| Møbelsnikkaren i Skoesmia | Åge Jevne Hagestuen | Fronsbygdin 2024 | Skoesmia er mest kjent for produksjon av landbruksredskap, og da særleg høypressa Lettvint som Mathias Skar fann opp og selde over heile landet, til og med til Island. Men det var også ein betydeleg møbelproduksjon i Skoesmia, og den var det i hovudsak Anton T. Haugen (Grøndokkhaugen) som stod for. |
| Frå Botten i Sødorp til Botten i Espedalen | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2024 | I dei periodane gruvedrifta i Espedalen stod på, var det mange frøningar som søkte dit for å få seg arbeid. Nokre få av dei hadde med seg familien, og slo seg til der også etter at gruvedrifta var over. Ein av desse var Hans Monsen med familie frå Botten i Sødorp. |
| Historia om eit spektakulært steinalderfunn frå Kjorstad | Pål Kjorstad | Fronsbygdin 2024 | Lokalhistorisk og delvis nasjonalhistorisk er kjorstad i Ryssland omtla og representert i mange ulike tidsbolkar, som jernalderen, merovingartida, vikingtida, mellomalderen og nyare tid. Her har det bl. a. vore gravhaugar frå ulike tidsperiodar, steinring, gudehov og kyrkje. Funnet av ei steinkølle i 1992 viser at det har vore busetning i dette området alt i steinalderen. |
| Amund Stenhaugen – småbrukar i Byrhågå og arbeidarpartipionér | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2024 | Det er mange slitarar som står bak danninga av det rike organiasjonslivet her til lands, som har vore svært viktig for framveksten av det velferdssamfunnet vi har i dag. Ein stor del av desse som gjekk framfor og kva dei gjorde, er i dag ukjent for dei fleste, men dei fortener ein plass i historia vår. Amund Stenhaugen 1869-1932 frå Nord-Fron er ein slik ein. |
| Gründeren Anton Martinussen Skurdal | Guri Skurdal Tofte | Fronsbygdin 2024 | Anton M. Skurdal (1882-1957) er eit døme på korleis ein kan skape seg ei god framtid om midlane er små berre initiativet og viljen til hardt arbeid er på plass. For meg var det svært interessant å sjå nærare på livet hans, bestefar min, ein som eg ikkje kjente så mye til i og med at han døydde før eg vart født. Eit rikt arkiv av notatbøker og bilde gjorde dette mogleg. |
| Skøyteløp på Vinstra | Paul Henrik Hage | Fronsbygdin 2024 | Ski og skirenn har lange tradisjonar i Gudbrandsdalen. Mindre utbreidd har skøyter og skøyteløp vore, men på enkelte stader har det vore klubbar og sterke miljø innan denne sportsgreina og. Ein av desse stadene var Vinstra, som i store delar av det førre århundre arrangerte stemne med stor deltaking av både nasjonale og internasjonale stjerner, på Laugisen og i Kåja. |
| Skøytesporten i Sør-Fron | Tormod Tofte | Fronsbygdin 2024 | Sesongen 2023/24 markerte den femtifyrste vinteren på rad med skøyteis på Flatmoen idrettspark i Sør-Fron. Hausten 1973 bestemte eit knippe driftige eldsjeler i bygda seg for å prøve å isleggje løpebana på idrettsanlegget, slik at ungane og ungdommane kunne ha ei ordentleg 400-meters skøytebane å boltre seg på. Dette betydde starten på eit svaært rikt og aktivt skøytemiljø i Sør-Fron, og Flatmoen er i dag ei av berre svært få naturisbaner som eksiterer i Noreg. |
| Einar Underdalshaugen – den fyrste maskinhandlaren i bygda | Gunnar Lien | Fronsbygdin 2024 | Einar Underdalshaugen stod oppført som maskinhandler i telefonkatalogen. Og sjølv om maskinene hans var små og verksemda hans kanskje ikkje så omfattande, målt med dagens augo, kan ein trygt seia at han var ein forløper for dagens maskinentreprenørar i landbruket. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 13 år og budeie – sommarminne frå 1960-åra | Aud Lunde Renshusløkken | Fronsbygdin 2024 | Før måtte ungane ta meir del i arbeidet på ein gard som t.d. seterstell om somrane. I dette låg det mye læring av praktisk art, det å forstå at ein måtte bidra ved behov og ikkje minst føle mestring og arbidsglede. Leik og sosialt samvær høyrde og med til sterlivet. Slik var det også for to svært unge seterbudeier på fagerli. |
| Da turismen kom til Børkdalen | Morten Skurdal | Fronsbygdin 2024 | Setrer var utgangspunktet for den første spede strømmen turister som inntok fjell-Norge mot slutten av 1800-tallet. Først ved at eksisterende seterhus ble tatt i bruk, og seinere ved at egne hus ble bygd for å kunne ta imot de besøkende. Noen setrer ble også kjøpt opp og tatt i bruk som fritidsbolig. Det skjedde også da de første turistene slo seg ned på Børkdalen i Sør-fron. |
| Bekken i Lia var livskjelda | Gard Espeland | Fronsbygdin 2024 | Ein gong i tida vart det grave ein bekk frå Fossåa i Lia og nedover Kleiva og til Vollane. Om sommaren gav bekken vatn til dyr og folk, og til åker og eng. Om vinteren måtte vatnet kjørast eller berast frå elva. |
| Vinstrarevyen 40 år, del 2 | Hildegunn Maria Haanes Ruset | Fronsbygdin 2024 | Med unntak av eit lengre opphald på 80-talet og deretter berre nokre få uregelmessigheiter, har Vinstrarevyen vore produsert annankvart år i 40 år. I fjorårets Fronsbygdin (2023) publiserte vi artikkelen om dei første 20 åra av revyen. her ekjem resten av historia- og noko til. |
| Revyfamilien Madshus | | Fronsbygdin 2024 | |
| Og eg ser på deg | Rasmus Stauri | Fronsbygdin 2024 | I 34 år heldt leikarringen Dale-Gudbrand på Sør-Fron levande ei samværsform og ein dansetradisjon med røter frå sist på 1800-talet. Ringen vart nedlagt i 2015. |